

Vaaren

Av Aasmund Olavsson Vinje

Enno ei Gong fekk eg Vetren at sjaa for Vaaren at røma;
Heggen med Tre, som der Blomar var paa, eg atter saag bløma.
Enno ei Gong fekk eg Isen at sjaa fraa Landet at fljota,
Snjoen at braana og Fossen i Aa at fyssa og brjota.
Graset det grøne eg enno ei Gong fekk skoda med Blomar;
enno eg hørde, at Vaarfuglen song mot Sol og mot Sumar.
Enno ei Gong den Velsignad eg fekk, at Gauken eg hørde,
enno ei Gong ut paa Aakren eg gjekk, der Plogen dei køyrde.
Enno ei Gong fekk eg skoda meg varm paa Lufti og Engi;
Jordi at sjaa som med lengtande Barm at sukka i Sængi,
Vaarsky at leika der til og ifraa, og Skybankar krulla,
so ut af Banken tok Tora til slaa og kralla¹ og rulla.
Saagiddren² endaa meg unntest at sjaa paa Vaarbakken dansa,
Fivrel³ at floksa og fjuka ifraa, der Blomar seg kransa.
Alt dette Vaarliv eg atter fekk sjaa, som sidan eg miste.
Men eg er tungsam og spyrja meg maa: tru det er det siste?
Lat det so vera: Eg mykit af vænt i Livet fekk njota.
Meire eg fekk, enn eg hadde fortent, og alting maa trjota.
Eigong eg sjølv i den vaarlege Eim, som mettar mit Auga,
eigong eg der vil meg finna ein Heim og symjande lauga.
Alt det, som Vaaren imøte meg bar, og Blomen eg plukkad',
Federnes Aandir eg trudde det var, som dansad' og sukkad'.
Derfor eg fann millom Bjørkar og Bar i Vaaren ei Gaata;
derfor det Ljod i den Fløyta eg skar, meg tykktest at graata.

¹ den sagte, afbrudte Duren.

² af giddra, leika upp og ned. Vaareimen, Dunsten som leikar på Vaarbakken liksom eit Sædekast.

³ Fjæril, Sommerfugl.

Prenta fyrste gongen i Dølen 3. juni 1860.

Her hev me fylgt Skrifter i Samling V (1921), s. 147–148, som byggjer på ei jamføring av tekstene i Dølen og Diktsamling (1864), soleis at diktet hev den formingi Vinje gav det i Diktsamling, men rettskrivingi frå Dølen (jf. fyreordet åt Olav Midttun).

I dette nummeret:

Rolf Theil:	Hans Kamstrup Vogt (1903–86)	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Ikkje samnorsk i namnet	s. 3
Anders Moe:	Han riv havren or munnen på sin daude hest	s. 4
K. E. Steffens:	Språkleg liv og daude	s. 5
Johannes Gjerdåker:	Diktatar og bøker som bør gjerast kjende att	s. 5
Klaus Johan Myrvoll:	Framlegget til ny rettskriving for nynorsk	s. 6
Ronny Spaans:	Ein jypling, ein turrpinn og ein journalist vitjar Noreg	s. 9
Magne Myhren:	39 norrøne fornkvæde og brot or Snorre-Edda	s. 10
Lars Bjarne Marøy:	Målet på Orknøyane og Hjaltland	s. 12
Torill Hjartåker Hauge:	Frie menn bed ikkje grannen um ord – fjerde bolken	s. 13
K. E. Steffens:	Er ein ny verdsreligion tenkjeleg og mogeleg?	s. 14
Johannes Gjerdåker:	Frå «Brev til ein ung diktar» av Rainer Maria Rilke	s. 15
Ole Jakob Totland:	Kong Olav den folkekjære	s. 16

Hans Kamstrup Vogt (1903–86)

Av Rolf Theil

I år er det hundrad år sidan den norske målgranskaren Hans Kamstrup Vogt (1903–86) vart fødd, og difor vil eg skriva nokre linor um honom. Det vert ikkje ein gjennomgang av livet og livsverket hans, berre nokre merknader kring saker eg sjølv tykkjer er forvitnelege, i voni um at dei kann vekcja gaumsemd hjå ein og annan.

Hans Vogt vart professor i romanske mål på Universitetet i Oslo i 1946 og professor i ålmenn målgranskning i 1962. Ti år seinare, eit par år etter at han hadde gjenge av som rektor ved Universitetet i Oslo, tok eg sjølv til med dette faget – og fekk honom til lærar. Våren 1972 heldt han ei fyrelesingsrekkja um den store amerikanske målgranskaren Edward Sapir (1884–1939) på grunnlag av den kjende boki hans, *Language* (1921). Vogt hadde sjølv sete under kateteret til Sapir ved Yale University medan han var i Sambandsstatane sist på 1930-talet, so det var eit historisk sus yver timane.

Kalispel

Millom dei bøkene av Vogt eg sjølv hev i hylla er *The Kalispel Language* (1940). Kalispel er eit av dei tjugetri måli i målætti salish, som vert tala i den nordvestlege luten av Sambandsstatane og i den kanadiske provinsen British Columbia. Kalispel er næst skyldt flathead og spokane. Sumaren 1937 budde Vogt elleve vikor i staten Washington, hjå folk som tala kalispel, og utkoma vart denne boki på 178 sidor, som framleis er hovudverket um dette indianarmålet. Her finn me både grammatikk, tekster med umsetjing og ei ordlista. Vogt fortel i innleiingi at på reservatet kunde alle tala kalispel. Eldre folk og småborn under skulealder tala berre kalispel; midalders folk kunde au tala engelsk, men dei nytta kalispel seg imillom; millom yngre folk som hadde gjenge på skulen og lært engelsk gjekk det ofte på dette europeiske målet. I våre dagar kann me sjå i kva leid dette hev bore, for ein av dei fremste kjennarane av dei innfødde måli i Nord-Amerika, Marianne Mithun – amerikansk målgranskar av norsk ætt – fortel i det nye standardverket *The Languages of Native North America* (1999) at berre kring 100 av heile kalispel-folket på 4000 no kann tala kalispel.



Kaukasiske mål

Vogt er kjend for mykje anna, og eg lyt nemna arbeidet hans med dei kaukasiske måli, det tyder dei måli i Kaukasus som ikkje er indoeuropeiske eller turkotatarske. Desse måli deler me i two målætter, nordkaukasisk og sudkaukasisk, og det hev ikkje til no late seg gjera å visa skyldskap millom dei two ættene. Tjugesju av dei stykki som Vogt skreiv um mål i Kaukasus er samla i boki *Linguistique caucasienne et arménienne* (1988; utgjevi av Even Hovdhaugen og Fridrik Thordarson). Vogt dryfter mange emne som upptek den nyfikne målgranskaren, millom anna kaukasisk påverknad på det indoeuropeiske målet armensk, skyldskapen millom dei kaukasiske måli og millom kaukasisk og baskisk, og georgisk ljoelæra og grammatikk.

Georgisk

Vogt tok doktorgraden i 1936 med utgreidingi *Esquisse d'une grammaire du géorgien moderne*. I umvølt og auka utgåva kom ho ut att i 1971 som *Grammaire de la langue géorgienne*. Georgisk er med 4 millionar talarar det største kaukasiske målet, og utgjer saman med mingrelsk (0,5 millionar talarar), svanisk (35 000 talarar) og lazisk (33 000 talarar) den sudkaukasiske målætti. Mykje forvitnelegt kunde segjast um georgisk. Vogt fortel til dømes i bolken um ljoelæra at ord med same ljoellege oppbyggnad som *ortkls*, dativ av *ortkli* «eim», er vanlege. *Ortkls* endar som me ser på ikkje mindre enn fem medljodar.

Ubykhisk

Eg lyt nemna arbeidet hans med ubykhisk au, eit nordkaukasisk mål som tidlegare vart tala i dei nordvestkaukasiske fjell-dalane og ned mot kysten av Svartehavet

ved byen Sotsji. Dei 50 000 menneski som tala ubykhisk flydde eller vart drivne til Tyrkia då Russland hertok det muslimske Nord-Kaukasus på 1860-talet, og mange miste livet. Dei som kom frå det med livet vart spreidde yver store delar av Tyrkia. *Encyclopædia Britannica* fortel at tidleg på 1970-talet vart ubykhisk tala av kring 20 menneske, som alle budde i stroki kring Marmarahavet. Målgranskarane Daniel Nettle og Suzanne Romaine opnar boki *Vanishing Voices. The Extinction of the Worlds Languages* (2000) med å fortelja um Tefvik Esenc, mannen som døydde i 1992, og som var den siste som meistra ubykhisk til fulls. Esenc budde i den tyrkiske landsbyen Haci Osman, og hadde alt i 1984 laga den teksti som no stend på gravsteinen hans: «Dette er gravi åt Tefvik Esenc. Han var den siste som tala det målet som dei kalla ubykhisk.» Vogt fann sjølv sin ubykhiske målmeister i Istanbul, og i 1963 gav han ut ei bok på 264 sidor, *Dictionnaire de la langue oubykh. Avec introduction phonologique, index français-oubykh, textes oubykhs*. Ubykhisk hev 81 medljods-fonem og 3 sjølvljods-fonem; det er fleire medljodar og færre sjølvljodar enn dei fleste mål i verdi.

Fyrebilæte

Fyrste gongen eg sjølv hørde røysti åt Vogt var for kring 40 år sidan, på radioen, då ein medarbeidar samtala med han – eg skynar no at det truleg var i samband med sekstiårsdagen hans. Eg var gymnasiast den gongen, og vart oppglødd yver å høyra han fortelja um målgranskingsferder til fjerre himmelstrok. Eg er heilt viss på at dette var noko av det som fekk meg til å velja same yrket.

Norskt mål

Vogt var uppteken av det norske målet au. I 1942 hadde *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* eit spanande skriftstykkje av Vogt, «The Structure of Norwegian monosyllables», med mange viktuge og forvitnelege åtgåingar um korso norske einstava ord er oppbygde.

Vogt gav namn til Vogt-komiteen, der han var formann. Mandatet åt denne nemndi, som vart skipa i 1964, var å «ta opp til drøfting heile språksituasjonen i landet og gjera framlegg om tiltak som

Framhald på s. 4 ...

Ikkje samnorsk i namnet

Av Klaus Johan Myrvoll

12. november vedtok Odelstinget å taka burt «samnorskparagrafen», dei kallar, som fram til no hev pålagt Norsk språkråd å «fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærme saman».

Mange målfolk hev slege opp dette vedtaket som det skulde ha vore ein stor siger for målfolket. Reint prinsipielt er det sjølv sagt godt å få slege fast at staten ikkje vil arbeida for tilnærming millom dei tvo måli lenger. Men spursmålet er um vedtaket fær noko å segja for praksisen åt det statlege organet for norsk målnormering, Norsk språkråd. So lenge det er samansett som det er, og dei som skal representera nynorsken held fast ved gamle synsmåtar, er det liti von um at den tradisjonelle nynorsken skal få betre livekør.

Noko som sermerkjer voksteren i Norsk språkråd dei seinste åri er at *kvantitative* grunngevingar hev fenge meir og meir å segja i normeringsarbeidet. I samband med tidlegare rettskrivingsbrigde kunde sjølv endemålet, samanstyppingi av dei tvo skriftmåli i landet, vera grunngeving god nog for å brjota med tilvande skrivereglar og rådande målbruk. Det såg me m.a. i 1938, då dei gav ein god dag i praksisen åt fleirtalet av deim som skreiv nynorsk, og sette *bygdi* til sides for *bygda*. Sameleis var det i 1959, då norsk-dansk *hverken* laut ofra *h-en* sin for at ordet skulde kunna nyttast i nynorsk – og dermed i «framtid-norsken». Det var ingen som skreiv *verken* fyre 1959, må vita.

Men no held ikkje slike «blinde» avgjerder lenger. No lyt det gjerast *frekvens-teljingar* av korso skriftmålet vert nytta fyrst, som for nynorsken vert ei talfesting av den stødt meir bokmålisera nynorsken som vert skriven. I tillegg kjem kvantifiseringar av det umskiftelege talemålet, i den mun det er råd å få til. Her knyter Språkrådet band attende til den tidlege samnorsktidi, då det var eit mål at den komande samnorsken skulde byggja på dei mest utbreidde formene i «norsk folkemål». Men uppteljing av skriftmål er nytt, og bruket av desse tvo grunngevingane saman gjer at ein kann tala um ei «kvantitativ vending» i norsk målnormering.

Dette gjeld fyrst og fremst nynorskdeildi. Der hev denne kvantifiseringi vorte ein kjærkomen reidskap for dei mange samnorskhuiga målsmennene som hev sæte der. Dei hev for lengst innsæt at samnorsk ikkje er noko honnørord lenger, og skynar at dei

uppnår mykje meir med å visa til «skriftmålgrunnlaget» og talemålet. Soleis fylgjer samnorsken med som nissen på lasset.

Det Språkrådet i røyndi gjer, er å ganga ut i marki og mæla utfallet av den forbodspolitikken som styremaktene hev stade for gjennom storluten av 1900-talet. Tankegangen er um lag som fylgjer: «Nei, ser ein det, det er ikkje så mange som skriv *visor* lenger. Det heng kanskje saman med at denne bøyinga har hatt sideformstatus sidan 1938, men det kan ikkje vi ta omsyn til. Når det er så få som brukar henne, må vi vise handlekraft og kutte henne ut heilt.» Ein vedunderleg logikk, ikkje sant? Det kvantitative bilætet, som i stor mun er eit utfall av politiske avgjerder i normeringsnemndene, supplerer med bokmålspåverknaden i samfundet ålment, vert no grunngevingi for å kvitta seg heilt med høgnorsken. Det er ikkje tala um å gjeva serskilde konsesjonar til tradisjonen; nei, den varl kasta på båten i 1938, og hev havt og kalt hava låke kør.

Den same kvantitative tilnærmingi ser me i bruket av talemålet og. Det vert ikkje sett nokon *kvalitative* krav til talemålsformene som nynorsken skal femna um. Her gjeld prinsippet um at oppblanda talemål er jamgodt med heilnorske målføre. Med den sterke bokmåliseringi av talemålet me ser i dag, segjer det seg sjølv at det å byggja på talemålet veikjer den nynorske serhåtten.

Båe desse kvantitative grunngevingane – i skrift og tala – er godt synlege i framlegget til ny rettskriving for nynorsk (meir um det på s. 6–7). Utfallet vert ein dåmlaus og lite sermerkt nynorsk med veike band til den tradisjonen han trass i alt er meint å høyra til. Fleire og fleire spyrr seg um kva som er vitsen med nynorsken då, no seinst Ottar Grepstad på Aasen-tunet (sjå umtala av Anders Moe på s. 4).

Det er med grunn i denne kvantitative vendingi at vedtaket i Odelstinget um å taka burt samnorskodet ikkje treng få nokon positive fylgjar for den tradisjonelle nynorsken. Snarare tvert um; når tilnærmingspolitikken vert utskift med tilvising til frekvensar og bokmålisera talemål, fær me ein langt meir tøkut og uhandsleg bøyg. Det syner at me som er tradisjonalar i nynorsklægret ikkje kann festa nokon lit til styremaktene, men må arbeida medvite for å reisa eit reint og sermerkt nynorskt mål utan umsyn til dei vedtaka Språkrådet gjer. Det er berre gjennom å nytta målet på ulike samfundsumkverve at det kann vinna fram i lengdi.

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyrar:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 322
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim
olafr@online.no

Grafisk utforming:

Olav Torheim
Lars-Toralf Storstrand
(rabbixl@frisurf.no)

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrorsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i målålet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 Oslo
Tlf. 900 26 380
Epost: klausjon@online.no
http://www.sambandet.no
Giro 0814 20 27 209

Han riv havren or munnen på sin daude hest

Av Anders Moe

Ein trudde ein visste kva ein hadde i vente frå Aasen-tunet: surr, faktafeil, irrelevante utsegner, sjikane. Det er godt gjort å jamføra sidemålsmotstandarane med både Hitler og AKP (m-l) i same innlegget, attåt at det er godt gjort å øsa seg slik upp yver sidemålssaki når ein sjølv skriv eit slikt bokmålsnært knotmål. Etter å ha lese ei bok på 570 sidor av tøkelyrsten på Aasen-tunet, Ottar Grepstad, trudde eg at eg kjende stilen, men høyringsfråsegnen til Språkrådet um den nye nynorsknormen er rett og slett vitug, og målet ikkje stort låkare enn ein kunde venta.

No skal altso Norsk språkråd skipa til ei ny nynorsknorm, etter at det same vart gjort på bokmålsida. Nei, segjer Aasen-tunet, det vert ikkje det same, «der er ein sterk og hevdvunnen praksis for at spennvidda i bokmålsnorma faktisk ikkje blir utnytta.» Men for nynorsken gjeld «sentrifugalkrafta, med tendensar i mange retningar og utan ei like klar og hevdvunnen fleirtalsnorm som i bokmål.»

Språkrådet vil sjølvsgagt hava ei vid norm, dei kallar, «men: i praktisk språkbruk blir slik vid valfridom eit gode for den ressurssterke og velutdanna, mens den [han] ikkje verkar avklarande for dei mange som treng hjelp til å velje.» Der rauk det sosiale argumentet, Grepstad kallar: trui på at nynorsk i seg sjølv er sosialt frigjerande. Fråsegnen gjeng vidare: «Nynorsk er meir brukt på mange område av samfunnet i dag enn nokon gong før, men mykje brukt og synleg er språket likevel ikkje, iallfall ikkje nok til at ein blir sikker i sitt eige språk av å lese og høyre korleis andre brukar det.» Ja, Aasen-tunet tek til ords for ei norm som er so fast at ein kann læra nynorsk gjenom å lesa nynorske tekster og taka deim til mynster.

Korleis denne faste normen skal sjå ut? Jau: «Framlegg A [frå nemndi åt Språkrådet] legg stor vekt på det sokalla taktiske argumentet om at nynorsk ikkje bør skilje seg ut frå bokmål. Mot dette vil vi i det minste stille spørsmålet om ein slik systemskilnad mellom dei to målformene kan vere med å framheve at nynorsk er eit skriftspråk med sine tradisjonar og særtrekk, som ikkje fullt ut finn sine parallelar i den andre norske målforma.» Dette er no det K. E. Steffens hev sagt i årevis: Skal nynorsken hava nokon livsrett, lyt han vera onnorleis enn bokmålet. Då Grepstad såg slik fælsleg tala i *Møre* 13. juli 2002, skreiv han eit langt åtak på «sommarnprofetane» og lokalavisone som slepper folk som kjem heim på ferie til med kva som helst (*Dag og Tid* 27. juli 2002). Brevet frå Aasen-tunet er dagssett 17. desember.

Fråsegnen hev ein tanke som er so radikalt ny i målrørsla at ingen, heller ikkje Steffens, hev sagt noko slikt fyrr: «Korleis skal ei ny nynorsknorm setjast ut i livet?» Ho skal vel inn i skulen, inn i Alf Helleviks *Nynorsk ordliste* og so ut i verdi, veit eg? Nei, soleis er det ikkje lenger, i ei tid med privatisering og marknadsmakt. «Vi ville rekne det som meir enn ei overrasking viss Microsoft ville ta seg bryet med å endre ordrettingsprogrammet i samsvar med det Norsk språkråd no kan kome til å vedta.» «Nynorsk kultursentrum vil rå sterkt frå vedtak med knapt fleirtal i ei sak som er så omstridd. Vi trur eit slikt vedtak vil mangle autoritet og ikkje skape ro i saka.» «Omgrep og kategoriar som læreboknormal og klammeformer er no de facto forelda.»

Aasen-tunet hev planar om ei husnorm utan valfridom til bruk i usignera tekster på netstaden (som til dømes denne fråsegnen), og ser ei framtid der Det norske

samlaget og det nynorske kompetansesenteret åt NRK gjer det same. Di verre vert denne tanken ikkje tenkt til endes: um no desse tri institusjonane set seg ned og vert samde um ei fast norm, kven treng Norsk språkråd? Fråsegnen konkluderar: «Nynorsk kultursentrum meiner at nynorsken treng ei hovudnorm og ei romsleg utvida norm.» Tja, byggjer den konklusjonen på argumentasjonen i fråsegnen?

Den sokalla romslege normen åt Språkrådet støyter altso frå seg dei som treng ei fast norm, attåt at ho støyter frå seg alle som vil byggja på den klassiske nynorske skrifttradisjonen. Ordlista etter Alf Hellevik hev lange listor med valfrie sideformer, men motivasjonen for desse er at folk skal finna att sine eigne talemål, og det hev vore ein total fiasko: nynorsken er utrudd utanfor Vestlandet. Den valfridomen nynorskskrivarane faktisk treng og ynskjer, er valfridom millom ei fast, bokmålsnær, «moderne» norm, og ei like so fast, tradisjonell norm. Når no Aasen-tunet skipar til si husnorm, kann det verta samde med Samlaget og nokre andre tunge nynorskinstitusjonar um ei heilskapleg norm for det slaget nynorsk Aasen-tunet tek til ords for; litt bokmåls-era og modernisera, men attkjennande som nynorsk. No er godkjenningsordningi for skulebøker falli burt, so Samlaget treng ikkje bry seg med Norsk språkråd; denne nye normen vert den nye utgåva av Alf Helleviks *Nynorsk ordliste*. Um ein so set til formene frå 1917-rettskrivingi med ein annan skrifttype, vert nynorsken eit kulturmål med tradisjonar, og ikkje berre ein filologdraum um korleis framtidnorsken skal sjå ut.

Fråsegnen frå Aasen-tunet er å lesa på heimesida deira, www.aasentunet.no.

Framhald frå s. 2:

komiteen meiner kan tena til å ta vare på og utvikle vår norske språkvarv». I 1966 lagde nemndi fram ei tilråding «med en lang rekke forslag til reguleringer på språkets område», som professor Einar Lundebjerg uttrykkjer det i *Aschehougs konversationsleksikon*. Då Stortinget i mai 1970 dryfte tilrådingi, vart det vedteke å skipa Norsk språkråd, som såg dagsens ljøs i 1972. Dette rådet avløyste Norsk språknemnd, som då hadde eit liv

på tjuge år bak seg. Ein av skilnadene på den gamle nemndi og det nye rådet galdt tilnærmingi millom skriftmåli i Noreg. Medan Norsk språknemnd hadde den klare tilnæringsparagrafen som kravde at ho laut «fremja tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn», skulde Norsk språkråd berre «følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklings-

tendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen» – ein paragraf som Odelstinget vedtok å attra tretti år seinare, 12. november 2002.

Heilt på tampen lyt eg nemna at bokreidingslaget Fram i 1932 gav ut *Målstrid og klassekamp*, eit hefte på 53 sidor, skriva av Hans Vogt. Det fortener meir enn ei lina eller tvo, so eg fær spara det til ein annan gong.

Språkleg liv og daude

Av K. E. Steffens

At ei rørsle lever og ikkje hev storkna til ein «levande fossil» er ordskifte i blad og andre publikasjonar som soknar til rørsle ofte det beste og klåraste dømet på. I *Målmannen* nr. 3/2002 er der heile fire stykke som syner at bladet ikkje er eit daudt kyrkjelydsorgan, og det er framifrå at redaksjonen vil fylgja redaktørplakaten. Her skil det seg radikalt frå *Høgnorsknytt*, der eg vart nekta tilsvarett og ikkje ein gong fekk retta opplagde prentefeil.

Stud. philol. Anders Olsen hev nokre stutte merknader til eit lite innlegg av meg i nr. 2/2002, og endå om eg tykkjer det er mykje av ein «myrk tale», kan eg sjå at det òg blenkjer av opplegg til ein forvitneleg debatt om viktige spursmål.

Her fylgjer nokre punkt til Olsen:

1) Språkdaude er eit omgrep med mange gradar og nyansar. Absolutt daude er berre språk som ein veit eller gjeng ut ifrå hev eksistert og som det er uråd i nokon mun å rekonstruera ved hjelp av samanliknande målgransking. At eit språk ikkje lenger er «morsmål», er ikkje det same som at det er daudt. Det er meiningslaust som t.d. Grundtvig utan vidare å kalla latin og gresk for daude

språk når dei i sine klassiske former hev vorte studerte, skrivne, lesne – og tala! – heilt fram til vår tid.

2) At gamalnorsk døydde ut i Noreg, men overlevde på Island, er eit meiningsfullt påstand av di det norrøne tekstkorpuset framleis er levande tilgjengeleg litteratur på Island, medan det er utilgjengeleg og uforståeleg for nordmenn som ikkje hev lært og studert språket. Det vil segja at ein islanding i dag kan lesa Snorre med kjensla av at det er ei eldre utgåve av *hans eige språk* og ikkje eit frammandt og uforståeleg mål, slik norrønt er for norske som ikkje hev lært det.

3) Eg skynar at Olsen er orientert om den kulturelle sjåvinismen på Island som terpar på at det viktigaste og mest verdfulle i norrøn litteratur er sermerkt islensk og ikkje hev nokon rettkomen plass i norske boksoger. Der er ein psykologisk samanheng millom dette synet og den velkjende islenske nedvurderinga av nynorsken og målreisinga. Samanlikna med moderne islensk, som med levande samanheng er intimt og forståeleg knytt til gamalislensk, vert Aasens landsmål dømd som ein uorganisk og kunstig konstruksjon, om lag slik

det hev vore hevda av riksmålsfolk. Eit slikt syn er elles like fordomsfullt uvitenskapleg same kven som hyser det.

4) At den utradisjonelle jødiske nasjonalismen hev greidt å nya oppatt hebraisk som morsmål, er ikkje det same som at språket var daudt, slik som t.d. kornisk var det i lang tid etter at den siste som hadde det som morsmål døydde i 1777. Elles er både kornisk og hebraisk i sine nye og moderne utgåver sterkt merkte av medviten kunst og planlegging og slik sett ein parallell til det landsmålet Aasen med genial hagleik sette i hop med eit språkleg tilfang av dialektar som råmateriale. Sidan Olsen dreg i tvil kjennskapen min til Aasen og verket hans, må eg få lov å nemna at eg i samband med jubileet i 1996 las noko slikt som 2000 sider om og av Aasen og millom anna melde dei tri biografiane som kom ut det året. Det siste eg hev skrive om Aasen og målrørsle finn ein i *Nytt Norsk Tidsskrift* nr. 4/2002, og den artikkelen er skriven på riksmål. Eg er nemleg ikkje berre skyld med Aasen, som Olsen nemner, men er òg ein ætling av Ludvig Holbergs morbror Ludvig Lem.

Diktatar og bøker som bør gjerast kjende att

Av Johannes Gjerdåker

Det finst i Noreg ein heil bokheim av dikt, visor og forteljingar i roman- eller novelleform som er lite elder inkje kjende utanfyre heimstaden til dikteren, fordi bøkene ikkje er å få; dei er utselde for lenge sidan, og forlagi er uviljuge til å gjeva deim ut på nytt. No er det ei rekkja døme på at eldsjæler greider å få utgjeve lokalt bøker av diktatar og andre bokmeistrar frå sine heimemiljø. Slik gav Ullensvang Mållag ut visesamlingi etter Oddmund Urheim og Odalstunet ei stor samling forteljingar etter Carl Vestaberg, og Ullensvang Mållag er i gang med ei stor samling bladstykke og avisartiklar av Jon Bleie.

Dei tri, Oddmund Urheim, Carl Vestaberg og Jon Bleie, hørde alle til i sine landskap og miljø, men det dei hev på hjarta, når fram til menneske so langt og vidt som norskt mål er tala. Det er mange fleire som kann nemnast i denne samanhengen, millom deim er Martin Vestlien frå Sòler, Karl Braset frå Inn-

herad, John Klæbo frå Dønna, Hans O. Lind frå Andøy, Kristian Matre frå Nordhordland, Torvald Tu frå Jæren, Ole Arnfinn Torgersrud og Pål Kluften frå Gudbrandsdalen, Kari Bakke frå Lærdal (Borgund), Astrid Langjord frå Vefsn.

Ein kunde ynskja at eit forlag tok på seg utgjeving av verdfull dikting som er hamna i gløymeboki, men med den marknadsanden som no råder, er det mindre von enn nokosinne um dette. Derimot kann me tru at lokale utgjevingar vil halda fram, og difor er det ynskjelegt at slike lokale tiltak vert gjorde kjende gjennom blad elder tidsskrifter som når ut til folkebibliotek og lesarar i heile landet. Endå um Carl Vestaberg (1888–1936) skreiv um liv i Odalsskogane, er han ein diktar for alle som les norsk, og han vilde nå fram til menneske i andre målsamfund òg, i umsetjing. At forteljingane hans no er komne på ny, er det fyrst og fremst Hans Børli og Juel Stubberud som skal hava takk og heider for.

Liknande tiltak finst mange stader. Dørlaringen i Gudbrandsdalen gav nyleg ut dikt av Ole Arnfinn Torgersrud i nyprenting, i Setesdal er *Gamalt or Setesdal* av Johannes Skar kome på nytt og i Granvin i Hardanger arbeider A/S Haukenæs bøkene med ei ny utgåva av *Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger, Voss og Søndhordland* av Thrond Sjørsen Haukenæs. Eit samarbeid um utlysing for ålmenta og um salsfremjing hadde styrkt alle slike tiltak.

* * *

Frå og med neste nummer av Målmannen kjem me til å prenta skrifti Korleis eg vart bokven av Jon Bleie i ein føljetong. Ho kom ut fyrste gongen i 1944 i rekkja «Småskrifter for bokvenner».

Bladstjorni

Framlegget til ny rettskriving for nynorsk

Høyringsfråsegn frå Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet hev vorte gjort kjent med framlegget til ny rettskriving for nynorsk dagsett 30. oktober 2002, og hev sett seg inn i det. Etter ei samla vurdering vil me råda frå at det vert vedteke. Me meiner ein bør leggja til grunn heilt andre prinsipp for statleg normering og vern av nynorsken enn det Språkrådet hev gjort.

Nynorsken liver under eit varugt sterkt press frå fleirtals(skrift)målet i landet, det norsk-danske bokmålet. Det fører til at nynorsken misser fleire og fleire av sermerki sine, både gjennom medviti utreinsking av «avstikkande» drag og meir elder minder umedviten grannemåls-påverknad. Attåt hev nynorsken vore offer for ein hardhendt samnorskpolitikk, der mange tradisjonelle former og mål-drag hev vorte fjerna frå rettskrivingi elder nedstøytt til sideformer. Dette er ålvorlegt, etter di nynorsken, som er eit lite mål, treng sårt ein stødug skrifttradisjon med nære og sterke røter til opphavet sitt.

Det er dei tradisjonelle sideformene det stend um no. Med di Kulturdepartementet og nynorskdeildi i Norsk språkråd vil taka burt skilet millom hovud- og sideformer, ser Språkrådet seg nøyd til å skjera burt nokre av sideformene ut ifrå eit ynskje um ei meir einfald og yversynleg rettskriving. I prinsippet kann det hava noko fyre seg å minska valfridomen, ikkje minst med tanke på at denne valfridomen er ei hjelperåd i arbeidet med å veikja Aasen-målet. Attåt hev den vide nynorsknormi vorte eit bægje for deim som skal læra seg målet.

Men Ivar Aasen-sambandet er ikkje samd i framgangsmåten Språkrådet hev valt. Det er gjort framlegg um å taka burt ei rad tradisjonelle former som hev hevd heilt attende til det fyrste nynorske skriftmålet og Ivar Aasen. Mange av desse formene er viktuge målmerke i den tradisjonelle nynorsken. Det gjeld t.d. lagord på *-ut* (*steinut*, *ruskut*), varaordi *nokor* og *onnor*, ljodbrigde former av sterke gjerningsord som *fær* og *slær*, og einskildformer som *rjome*, *ljod*, *jol*, *tri*, *ser*, *so*, *hanga*, *ålmuge*, *tilfelleleg*, *treskel* og *trøndsk*. Her hev me berre nemnt nokre døme der alle nemndemennene hev vore samde. Me viser elles til den vedlagde lista yver tradisjonelle former som ikkje må takast ut or rettskrivingi [ikkje prenta her].

Det verste slaget mot Aasen-målet er like vel framlegget um å taka burt bøygingi av linne hokynsord med mangtal på *-or* og *-one*. I motsetnad til dette framlegget skal formi *bygdi* få standa. Dette er å kløyva i-målet i tvo: i ein tillaten og ein forboden lut. I grunngevingi for å taka ut mangtal på *-or* heiter det m.a. (s. 115):

«Desse formene har svakare talemålsgrunnlag enn i-målet, som dei heller ikkje heng strukturelt saman med, og det finst nynorskbrukarar som skriv i-mål utan å bruke *-or* og *-one* i fleirtal.»

Det finst nokre som skriv *bygdi*, men ikkje *visor*, men dei er sers fæe. Me kjenner berre til éin – professor Andreas Bjørkum. På hi sida hev det vore fæe som hev skrive *visor*, men ikkje *bygdi*; Kristofer Uppdal er eit døme. Hovudstraumen hev allstødt vore at desse dragi hev fylgst åt, jf. at dei hev gjort det i dei mange rettskrivingsbrigdi òg. Frå nyare tid kann me nemna skaldane Jan-Magnus Bruheim og Olav H. Hauge og målgranskarane Johan A. Schulze, Gudlaug Nedrelied og Rolf Theil Endresen, som alle hev nytta både i-former og *-or*, *-one*. I dag er det ein etter måten stor flokk som skriv tradisjonell nynorsk, høgnorsk, og alle dei skriv både *bygdi* og *visor* (jf. målet i Vestmannen og det nyskipa bladet Målmannen).

Den same samlivnaden finn me i målføri, der eit stort målvald frå Sætisdal i sud, gjennom Midlandet til Romsdalen og Nordmøre i nord hev skilnad millom både *bygdi* og *visa* og *bygder* og *visor*, t.d. telemål *bygdi* – *visa*, *bygdir* – *visur*, elder nordmørsmål *bøgda* – *viså*, *bøgde* – *viså*. Det er helder ikkje rett når nemndi segjer at i-formene og endingane *-or*, *-one* ikkje heng «strukturelt saman». Det grunnleggjande i i-målet er skilnaden millom sterke (*bygd*) og linne hokynsord (*visa*), og den må synast i mangtal (*bygder*, men *visor*) like mykje som i eintal (*bygdi*, men *visa*). Med andre ord bryt framlegget med både den nynorske skrifttradisjonen, normeringspraksisen på 1900-talet og storluten av målføri som skil millom sterke og linne hokynsord, attåt at eit utbreidt drag i norsk (*-or*) gjeng tapt, ein lut av den grunnleggjande vokal-triklangen (*i* – *a* – *u/o*).

Heile vegen i utgreidingi vert det vist til det som vert kalla skriftmålsgrunnlaget. Det er stort sét frekvensteljingar av rådande skriftmålstilstand, med andre ord

ei talfesting av den sterkt bokmålisera nynorsken som vert skriven i dag. Det er ålment kjent at sideformstatusen vert rekna for ein «B-stempel», og at mange målbrukarar kvider for å nytta deim. Det heng saman med at elevane korkje møter desse formene i lærebøkene elder vert opplærde til å nytta deim. Då er det ikkje anna å venta enn at sideformene gjeng attende i bruk. Difor kann det ikkje vera noko avgjerande argument mot ei sideform at ho er «lite bruka»; det segjer seg i røyndi sjølv. Her stend det upp til Språkrådet å vera med på å forma og påverka dei skriftnormene som vert gjeldande, og då burde dei sjå seg tente med ein nynorsk som skil seg klårt ut frå norsk-dansken og som knyter band til den rike litterære nynorsktradisjonen med Aasen, Vinje, Garborg, Aukrust og Hauge millom dei fremste. Ein politikk som fører til at nynorsken vert meir og meir lik hitt målet, gjer honom beint fram uturvande; det vert eit dåmlaust og uinteressant mål som færre og færre ser vitsen i å halda upp.

Den ubundne formi på *-a* i lint hokyn kann vera eit døme på at Språkrådet hev vunne fram med forbodslina si. Her segjer nemndi i røyndi mot seg sjølv. På s. 113 heiter det:

«Det er den manglande skriftspråksbruken som gjer det vanskeleg å forsvara at a-endinga skal kunna vera valfri. No treng ein ikkje undrast på at denne forma har vorte så fråverande i skrift, for etter 1938 var ho ikkje med i norma i det heile.»

På s. 114 hev dette vorte til denne konklusjonen: «Ut ifrå den skriftspråkspraksisen me ser, er *-a*-forma i ubunde eintal av svake hokjønnsord etter innføringa av *[-a]* på ny så lite brukt at det er grunn til å ta ho ut or nynorsknorma.» Ein må spurja seg um bruksfrekvensen er noko argument for å taka ut *a*-formi, som kom inn att i 1983 etter 45 år utanfyre rettskrivingi. I dei nittan åri som hev gjenge, hev ho livt eit anonymt liv i fyreordet åt Hellevik og bøygingslykelen fremst i *Nynorskordboka*, og no skal utfallet av denne politikken (som Språkrådet hev vore med å leggja grunnen for), «den manglande skriftspråksbruken», gjeva henne banehogg å nyo. Kva er logikken i dette? Er det ikkje eit mål med ein viss kontinuitet i rettskrivingsarbeidet?

Um den ubundne formi på *-a* (*ei visa*) heiter det elles at ho er «ei strukturell ulempe» (s. 113), men dømet som skal syna dette, er eintydigt: *No må du skriva visa om ho Kari* kann ikkje vera anna enn døme på bruk av ordet *visa* i bundi form eintal. Den «strukturelle ulempa» er kann henda ikkje so stor like vel?

Det er ikkje noko argument mot å halda på dei tradisjonelle formene at dei skaper vingl og ustøda. Snarare tvert um; det er dei som skaper samanheng og stødleik i målbyggnaden. Eit døme på det kann vera mangtalsformi *menner*, som er regelrett for namnord med ljodbrigde (jf. *tenner*, *hender*), i motsetnad til *menn*. Dessutan samlar dei tradisjonelle skrivemåtane alle målføreavbrigdi etymologisk inn under seg. Det er t.d. tilfellet med skrivemåten *ukse*, som opnar for både /ukse/ og /okse/ i uttala (jf. /bukk/ for *bukk*). Eit anna døme er *kvæde*, som kann lesast både /kvæ:e/ og /kve:e/. Ljodane *e* og *æ* hev falle saman mangstad, og då er det berre ordsoga som kann fortelja oss kva me skal skriva. Men i nokre målføre skil dei enno, og då er det skilnad på å *kvæda* og eit *kvæde* (t.d. vest-telemål /å kve:a eit kvæ:i/). Med skrivemåten *kvæde* fær ein ikkje fram denne skilnaden.

Det er helder ikkje noko argument mot å halda på dei tradisjonelle formene at dei fleste som nyttar deim, like vel ikkje held seg til den statlege rettskrivingi. Målet åt ein samskipnad som Ivar Aasen-sambandet er sjølv sagt at alle tradisjonelle former som hev vore i samanhengande bruk sidan Ivar Aasen,

skal koma i bruk på alle umkverve att. Difor vil me skriva so sermerkt norskt som råd er, utan umsyn til kva Språkrådet vedtek. Men eit viktugt stig på vegen mot ein samlande nynorsk er at ikkje den statlege nynorsken rek lenger burt frå det opphavlege stødet sitt enn han alt hev gjort.

Etter at samnorskbodet i log um Norsk språkråd er attra, burde det ikkje vera oppgåva åt Norsk språkråd å sjå på kva for nokre tradisjonelle former som skal takast *ut or* rettskrivingi, men helder kva for nokre former som kann koma *inn att* (jf. rettskrivingsbrigdet for bokmål i 1981 og avgjerdi um å taka upp att talformene *syv*, *tyve* og *tredve* no nyleg). Det er ei kjensgjerning at mange tradisjonelle former hev vorte skovne ut or den statlege rettskrivingi som lekk i samnorskpolitikken, og dersom Norsk språkråd gjer vedtak um ny rettskriving i samsvar med det utsende framlegget, vert denne lina berre førd endå lenger. Oppgåva for Språkrådet bør vera å halda att i høve til den bokmåliseringi som trugar nynorsken, og ikkje å skunda på.

Med utgangsstøde i stoda for nynorsken i dag, vil Ivar Aasen-sambandet setja fram desse prinsippi til grunn for arbeidet med nynorsken frametter:

1 Alle tradisjonelle former og skrivemåtar som finst i rettskrivingi enno i dag, vert standande urøyvde.

2 Dei verste utslagi av samnorskpolitikken vert tekne burt.

3 Tradisjonelle former og skrivemåtar som vart utskotne i samnorsktidi, vert

tekne inn att.

Dei bokmålsnære formene i nynorskrettskrivingi tærer upp nynorsken innanfrå. Difor er det syrgjelegt at fleirtals-tilrådingi til ny rettskriving opnar upp for ei rad slike former, m.a. einljoda former som *drøm* og *glømme*, j-lause former som *tenke* og *bygge*, inkjekyn *opent*, *kristent*, varaordet *noen* og ei rad einskildformer som *enten*, *bare*, *gjøre* og *hjerter*. Dette er rein tilnærming til norsk-dansken, og skadar nynorsken som eige mål.

Like vel kann ikkje Ivar Aasen-sambandet ganga med på at tradisjonelle former vert «ofra» mot tilsvarande tap på hi sida. Dei tradisjonelle formene er mergen i det nynorske målet, og um dei fell burt, misser nynorsken tilveregrunnen sin. Det er viktugare for oss at dei tradisjonelle formene vert standande enno at sume av samnorskformene fell burt. Med andre ord er punkti ovanfyre (1–3) ei prioritering òg, der det fyrste punktet gjeng fyre dei hine.

Ivar Aasen-sambandet gjeng imot framlegget til ny rettskriving, og råder til at det ikkje vert gjort noko vedtak no fyrstundes. Me ynskjer at saki skal få ei breid dryfting i målrørsla, der spursmålet um framtidi åt nynorsken stend sentralt. Nynorsken er åt å verta eit underbruk av norsk-dansken, og difor er det ei stor ulukka for nynorsken um Språkrådet tek burt dei tradisjonelle formene.

Klaus Johan Myrvoll
formann i Ivar Aasen-sambandet

Dikt um Hovden

Gudmund Harildstad, Oslo, hev gjort oss merksame på tvo dikt som ikkje hev kome med i lista yver dikt um Anders Hovden i biografien åt Jens Kåre Engeset (s. 354–357), som vart meld i fyrste nummeret av Målmannen. Båe er skrivne medan Anders Hovden enno livde, og er eldre enn dei dikti som hev kome med i yversyni åt Engeset. Me nyttar høvet til å gjera dikti kjende her.

Anders Hovden
Av Hans Reynolds

Du friske Bris i Norigs Flag,
du Songar sterk og varm,
ditt Diktarsyn, ditt heite Lag
gjev Glod i trøytt Barm.

Du kom som Baara inn fraa Hav
og bura yver Land,
hav Takk for kvasse Norskdoms-krav
du Sunnmørs Ulabrand!

Etter Hans Reynolds: *Dagsens Dikt*
L. E. Tvedtes Forlag. Oslo 1920

Til Anders Hovden!
Av Torvald Tu

Du er den friske storm frå hav,
som syng med kvite bylgjeslag
i blåe luft, i uvørs-drag,
du er ein storm i dagsens krav!
Du er ein skyljesjø um strand,
ein storvask um vårt fedraland!

Du er den evig-unge leik
av rytmeklang i glade kor –
Ein son av Norigs beste jord,
med hjartebål i blenk og kveik!
Din sone-elsk er alltid varm
av hjartebålet i din barm.

Du er ein foss av dåd og dikt!
Du er eit fjell av traust og trygt,
og yrkjer trufast ykt i ykt,
for det du ser som rett og plikt!
Takk, Anders Hovden, norsk og rak,
for kjempesong og kjempetak!

Etter Torvald Tu: *Lynglandet*
Olaf Norlis forlag. Oslo 1922

Sutring

I seinste nummeret av *Motmæle*, medlemsbladet åt Norsk Målungdom, hev Arild Torvund Olsen ei «melding» av *Målmannen* under yverskrifti «Hengjemyrgutane & Co.». Det er mangt som er verdt å gjeva gaum på av det Olsen skriv, og me er so frie å herma nokre av ytringane hans:

«Det du finn når du les bladet, er kritikk (til tider, men langt frå ofte nok, med god grunn) av alt og alle som høyrer heime i målrørsla etter 1917, kombinert med hylling av gamle heltar som Aasmund O. Vinje og leidingi i Ivar Aasen-sambandet si eigi tronge tolking av Ivar Aasen.»

«Formgjevingi på bladet er etter mynster frå bladet *Vestmannen*, berre litt styggare, ...»

«Men inntrykket ein sit att med etter ei gjennomlesing, er at *Målmannen* ikkje berre tek omsyn til fastlæste posisjonar, men at dei òg gjer sitt beste for å køyra seg fast i nye posisjonsstridar og hengjemyrar.»

«Som ekstra krydder i bladet finn me òg litt sutring yver at bladstyrarane i *Språknytt* neitta taka inn ein sers lang artikkel frå leidaren i Ivar Aasen-sambandet.»

«Han [d.e. Olav Torheim] meiner at mållaget er ein stivbeint og byråkratisk murkoloss som heile tidi måtar seg etter dagskravi, utan at han heilt greier å konkretisera surmulingi si meir enn at me skynar at han meiner Israel er flott (...) og at alt var mykje betre og meir visjonært i 1906.»

Olsen endar soleis: «So fær heller *Målmannen*-gjengen halda fram med kamikaze-ferdi si, der dei på sjølvøydeleggjande vis rasar av garde mot fortidi medan dei sutrar og rakkar ned på alt og alle.»

Målmannen ser ikkje nokon grunn til å sutra yver desse utspeli, snarare tvert um. Me yverlèt til lesarane å gjera seg upp si meining i saki.

Dvergemålet

Framleis sideformer i statsnorsken

På årsmøtet i Norsk språkråd 14. februar vart det vedteke å halda uppe skilet millom hovudformer og sideformer i den offisielle nynorskrettskrivingi. Med andre ord stranda freistnaden på å skapa samsvar med bygnaden i bokmålet, der dette skilet er teke burt alt. Det var Kulturdepartementet som bad Norsk språkråd um å vurderer um skilet kunde falla burt i nynorske òg, i brev frå 5.12.2000, og det er departementet som tek endeleg avgjerd i saki.

I ei pressemelding frå årsmøtet heiter det at hovudformene no skal kallast «hovudnormalen» (i staden for «læreboknormalen» fyrr), og at bruksumkvervet for denne normalen skal greidast ut nærare.

Vedtaket tyder på bae framleggi til ny rettskriving utan sideformer fall, og at nynorskdeildi gjeng attende til vedtaki frå årsmøtet i 2000. Då vart læreboknormalen strama inn munaleg, millom anna ved at ei rad tradisjonelle former vart nedstøytte til klomber, t.d. bøygingi *auga* – *augo* og langformer som *beda*, *gjeva* og *taka* (fullstendig yversyn nedanfyre). Nokre tradisjonsformer vart jamvel tekne heilt ut or normi. Difor er det ingen grunn til å kalla vedtaket på årsmøtet no i 2003 ein «siger for målfolket», som Noregs Mållag hev gjort. I alle fall ikkje um ein hev til mål å verna um den nynorske skriftradisjonen. Språkrådet hev på ingen måte vendt um,

men berre held fram avnorskingi frå 1938 og 1959. Den einaste skilnaden på framlegget til ny rettskriving utan sideformer (jf. fråsegn på s. 6–7), som fall, og vedtaket frå 2000 med sideformer er graden av utreinsking. No fær fleire Aasen-former hangla vidare i statsnorsken, men berre i klomber, må vita.

Etter årsmøtet i 2000 skreiv eg eit uppritt frå møtet i *Vestmannen* under yverskrifti «Bokmålisering av nynorsken». Den karakteristikk stend ved lag. Alt Språkrådet hev gjort med omsyn til nynorsken dei seinste åri, hev i praksis gjenget ut på å draga honom i bokmålsleid. Det gjeld rettskrivingi, og ikkje minst gjeld det ordtilfanget. Med godkjenning frå Språkrådet vert nynorsk-ordlistone åt norske skuleelevar meir og meir ispedde bokmålsord, soleis at ingen treng å læra seg dei sernorske ordi lenger.

Det beste me kann gjera i ei slik stoda, er å arbeida for at folk skal få upp augo for at nynorsken ikkje er tent med den normeringi som Norsk språkråd stend for. Skal nynorsken hava nokor framtid, lyt fleire brjota med den statlege rettskrivingi. Det må vera eit mål å få ut eigne ordlistor, grammatikkar og ordbøker på tradisjonell nynorsk som kann vera til rettleiding for målbrukarane.

Klaus Johan Myrvoll

Tradisjonelle former vert sideformer elder fell burt

Desse tradisjonelle formene, som fram til no hev vore jamstelte hovudformer, vert sideformer etter vedtaka på årsmøti i Norsk språkråd i 2000 og 2003:

– den sereigne bøygingi av *auga*, *hjar*ta og *øyra* (*auga* – *augo*). I «hovudnormalen» skal det heita berre eit *auge*, tvo *auge*.

– mangtalsformene *menner*, *vemmer*, *myser* og *lyser*. Hovudformer vert *menn*, *vommer*, *mus* og *lus*.

– dei regelrette mangtalsformene *feilar* (til ein *feil*), *møbel* (til eit *møbel*) og *miler* (til ei *mil*). Hovudformer vert *feil*, *møblar* og *mil*.

– lagord på *-ut*: *steinut*, *ruskut*. No skal det berre kunna heita *-ete* i lærebøker, som på norsk-dansk (*steinete*, *ruskete*).

– langstava nemneformer som *glida*, *beda*, *draga*, *gjeva*, *hava*, *lata* og *taka*. Åleine på hovudformplass vert standande *gli*, *be*, *dra*, *gje* elder *gi* osb.

– notidsformer som *glid*, *gnid*, *bed* og *byd*. I lærebøker skal det berre heita *glir*, *gnir* osb., nett som på norsk-dansk.

– den eigne objektsformi *honom*. Det skal heita *han* i alle høve. Like vel vert *henne* einaste hovudform i same stoda.

– ei rad ord som hev havt valfri skrivemåte med einfeld *m*, skal no berre hava tvifeld *m* i «hovudnormalen», t.d. *hamar*, *søma* (seg), b.f. *brudgomen*, (*med*-)*lemen*.

– skrivemåte med tviljoden *jo* i ordi *ljod*, *ljota*, *sjoda*, *skjol* (no berre *skjul*) og *tjor*.

– ei rad einskildformer som *hanga*, *honk*, *ukse*, *mod*, *flit*, *kluft*, *hyrne*, *mylna*, *nykel*, *tynna*, *læsa* og *mæla*. Sameleis *trøndsk* (no berre bastardformi *trøndersk*).

– tri ord med framlekken *sud*:- *sudfrukt*, *sudlandsk* og *sudlending*. «Hovudnormalen» skal hava *syd*-.

Desse tradisjonelle formene vert tekne heilt ut or rettskrivingi:

– den regelrette fyrtridsformi *sagde*, som fram til no hev vore jamstelt med *sa*.

– nemneform *bjoda*. No berre *by(da)*.

– nokre skrivemåtar med *u*, m.a. *fumla*, *grum* og *sumla*.

Ein jyppling, ein turripinn og ein journalist vitjar Noreg

Av Ronny Spaans

Bart Doms:

Een gezonde Noordervorst
«Norvegica»-serien. 2001

I boki *Een gezonde Noordervorst* («Ein sunn frost frå nord») hev Bart Dooms blåse støvet av tri gamle flamske reiseskiltringar um Noreg. Nasjonalromantikken er bakgrunnen til desse ferdamennene og jakti på «den norske folkesjæli» gjenomsyrer bøkene, fortel Dooms. Etter det eg skynar er bøkene skrivne av tri heilt upp ulike menneske: ein svermarvorden jyppling, ein trollgamal og turripinn katolsk kannik og den siste, ein gløgg journalist!

Den fyrste skildringi, *Naar en in Noorwegen* («Til og i Noreg») frå 1899, er skrivi av Fernand van de Wattijnes (1877–1941). Skildringi er forma som ei dagbok og er krydra med romantiske dikt – fyrst og fremst vers av den myteumspunne flamske diktaren Albrecht Rodenbach (1858–1880) og det Wagner-inspirerte dramaet hans, *Gudrun*. Kritikanerane totte boki var yverflatisk og slurvut – namnet på bondeforteljaren vår hev her vorte «Bjørnsterna Bjørsen»! Nordmennene er kaldblodige, tenksame, ærlege, gjestfrie og under den kalde hamen er dei dygdefulle og varmhjarta. Her er tvo menner han møtte: «Ei sæter til! Tvo innbyggjarar klædde i bjørneskinn! Barske karar med uklipt hår og uflitt skjegg, men snille og ærlege! Hev sivilisasjonen ikkje lært deim å fli seg, hev han helder ikkje skjemt det rettruande hjarta deira! Raust tilbyd dei oss safrangul reinsdyrmjølkk ... Kor synd at dei stakkars ungane åt dei rike og forfranska møderne våre – for krye eller flauet til å gjeva brjost – ikkje fær drikke ei slik mjølkk frå flaska!»

Turripinnen Desiderius Lescouhier (1835–1939) skreiv boki *Naar Noorwegen* («Til Noreg») i 1909. Upphaldet i Noreg vara berre i underkant av ein månad og mytane heng like fast hjå denne katolikken. Stort sèt er ferdaminni hans berre attforteljning av oppslagsbøker i ein dåmlaus prosa, men han hev like vel nokre gullkorn. I København blir han kjend med danskane som han karakteriserer som «svært sedlause» ... Men vi nordmenner vinn hjarta hans; dei «fortener å bli rangerte millom dei beste folki i verdi»; dei er ærlege, konservative og dana. Sinnsroi og det kalde blodet vårt fær kanniken til å tru at vi er fri for ner-

var! Eit dømme er dette stykket, som like godt kunde ha vore henta frå sagalitteraturen: «Det kjem av at nordmennene ikkje hev nervar. Ein merkar det i gjestheimane: jamvel borni fær gjenomgå gryselege, kirurgiske umvølingar utan å gjeva frå seg eit einaste ynk. Her ein dag var det ein liten gut som vart sitjande fast på ein stokk då han skulde klatre yver ein hekk. Stokken bora seg inn i magen hans. Sidan han ikkje greidde å draga honom ut, brekte han enden av som stakk utav såret og slæpte seg heimetter. «'Mor', sagde han, 'eg kjenner meg ikkje vel, eg hev vondt i magen'. Tenk deg skrekken denne stakkars kvinna fekk då ho oppdaga grunnen!»



Henrik Ibsen

Reiseskiltringi *Naar't land der midnattzonen* («Til landet åt midnattsoli») frå 1906 er skrivi av sistemannen. Desse ferdaminni skil seg ut både i kvalitet og kvantitet. Forfattaren Pieter de Mey (1862–1918) er ein røynd journalist med kunnskapar i norskt og svenskt mål, og boki er eit praktverk på 494 sidor i glanspapir og rikt illustrert med svartkvitt-bilæte. Ferdi gjeng både gjennom Sverike og Noreg, og skilnadene millom desse folki er påfallande. Svenskaner er frivole i høve til dei tagale og tungsinna nordmennene. Attåt hev nordmennene ein dragnad mot bygdenasjonalitet. Men enno er det ein mystisk samanheng millom nordmenner og dei snaude fjelli og

den tette skogen. «Folkelyndet er ei tru atterspeglung av naturi», skriv de Mey.

Reiseskiltdraren er manglesen og når han fortel um fylket Nordland, hev han med eit umsett stykke frå *Den fremsynte* av Jonas Lie. I Kristiania ser han den store dramatikaren Ibsen og fylgjer etter honom ned til Grand Hotel, der han presenterer seg for diktaren. Dooms meiner de Mey var den einaste flamlendaren som møtte Ibsen i livet og møtet gjev eg att her. Dette var i 1897. Ibsen var kjend for å vera ein sky person som veik undan folk. Då forleggjaren Olaf Huseby spurde etter signaturen hans i 1891, sagde Ibsen: «Man kan ikke være forsigtig nok med sit navn.» Han må ha vore i likare humør då de Mey møtte honom. Eg hermer or skildringi hans:

«Ettersom vi sjølve budde på Grand Hotel, var ingenting meir lettvtint enn å møte han der. Vi fylgde etter honom til lesesalen og presenterte oss rett og slett sjølve for den vidgjetne diktaren, som tok venleg i mot oss. Ibsen var då ein nokso kraftig, gråhærd mann med ein god framtoning og djupt uttrykk i andletet. Augo hans – der pupillane verka større bak brillleglasi – stivna lenge til under samtala som til deils gjekk på norsk og svensk og til deils på tysk. Vi tala fyrst um Kristiania og Noreg, so um norsk bokheim og diktverki hans. Det syntest han lite interessert i å greide ut um og førde samtala hendig annanstads. Det gjorde han nøgd at vi kjende til alle verki hans. Innhald og bodskap tala vi ikkje noko um, etter di vi merka at forfattaren ikkje vilde koma inn på det emnet. Han kom atter inn på Kristiania og spurde korleis vi lika byen og landet ikring, og då vi med ovundring nemnde dei ulike utsynspunkti yver fjorden, føydde han til med lått at vi alt kjende umgjevnadene betre enn han sjølv, med di han aldri hev vore på Holmenkollen, som hev ei av dei beste utsynene. Ibsen hev butt lang tid i utlandet og reist mykje. Det var no berre fire år sidan han kom for å busetja seg for godt i Kristiania. Til slutt spurde vi um han kunde setja namnetrekket sitt under eit fotografi – av han sjølv so klart – til minne um møtet vårt – det gjorde han sers velviljug. Med orsaking for den brysame nyfikna vår tok vi avskil med den store diktaren og han tok hendene våre og forklåra at han var smigra av interessa vår.»

39 norrøne fornkvæde og brot or Snorre-Edda i nynorsk måldrakt

Av Magne Myhren

Edda

Edda-kvede. Til nynorsk ved Ivar Mortensson-Egnund. Snorre-Edda. Til nynorsk ved Erik Eggen. Det norske samlaget 2002

Den kjende islenske norrønfilologen Jón Helgason (1899–1986) rekna ut at det finst kring femtan tusen norrøne (norske og islenske) handskrifter med millomalderlitteratur. Dei allra fleste handskriftene er islenske, og av dei er nok Codex Regius (som inneheld *Den eldre Edda*) frå um lag 1275 det mest verdfulle og namngjetne. Kring tretti av desse 39 norrøne fornkvædi kjenner me berre or denne handskrifti, som ser ut til å byggja på eldre islenske fyrelegg – kann henda frå 1225–40. Andre kvæde eller bolkar or deim finn me andre stader òg, serleg i handskrifter av *Den yngre Edda*, og eitt kvæde stend i *Flateyrbók*. Fyrr kvædi vart bokfeste, hadde dei livt i norsk og islensk fråsegn – dei eldste frå fyrr år 800 – og dei må soleis reknast til folkedikting.

I fjor sende Det norske samlaget ut att *Den eldre Edda* og *Den yngre Edda* i eitt band og med ei gjevande innleiing av Jan Kjærstad. Eg nemner ikkje noko um brigde i rettskriving, men tillèt meg å koma med nokre faglege merknader til denne utgåva.

Fyrst um *Den eldre Edda* – 13/14 av tekstene skildrar heidne, norrøne gudar, og resten fortel um norderlendske og gamalgermanske heltar. Alle tekstene er vestnorderlendske, det tyder at dei har kome til på norsk eller islensk målgrunn (ikkje dansk eller svensk). Gudedikti kjenner me berre or norrøn fråsegn, men innhaldet i helteediktingi er kjent på tysk og engelsk grunn òg.

Tvo viktuge spursmål reiser seg: Kor gamle er desse kvædi, og kvar hev dei vorte til, i Noreg eller på Island? Språkhistorisk sèt er det ingen ting i vegen for at dei eldste kann vera frå 700-talet, og då må dei vera norske. Hit høyrer heltekvædi, «Valundskvædet», «Brot» (av «Sigurdskvædet»), «Atlekvida» og «Hamdesmål».

Men syni på tidfesting og heimfesting sprikjer. Gudedikti kann vera noko yngre enn dei eldste heltekvædi. «Vavtrudnesmål», «Grimnesmål» og «Skirnismål» er vel norske og frå 900-talet, men tri kvæde um Gudrun Gjokedotter er kann henda

islenske og frå 1000-talet. «Rigstula» (gudekvæde som ikkje stend i Codex Regius) tidfeste islendingen Finnur Jónsson (1858–1934) til tidleg 900-tal og heimfeste det til Noreg, men sveitsaren Andreas Heusler (1865–1940) meinte det var dikta på Island tidleg på 1200-talet. «Svipdagsmål» (ikkje i Codex Regius) er nok islensk epigondikting frå seint 1200-tal, og det er uskote or Edda-utgåvor frå seinare år.



Snorre Sturlason, soleis Christian Krohg såg honom fyre seg i 1890-åri.

Spursmålet um alder og um norskt eller islenskt opphav tykkjest vera uråd å løysa heilt ut. Men dei fleste er vel no samde um at «Voluspå» er islensk, og det meste av «Håvamål» er nok norskt, for Eyvind skaldespiller låner or det i «Håkonarmål» (um lag 960), og Egil Skallagrimsson (u.l. 910 – u.l. 990) tykkjest ha kjent det.

Fram til 1960 – um lag – rekna ein med at mykje av Edda-tradisjonen i Noreg kunde vera utdåen etter år 1100. Men so fann ein alle desse runeinnskriftene på Bryggja i Bergen etter eldsvåden der i 1958. Der var det edda-strofor som svara til einingar i «Skirnismål» og «Sigrdrivemål». Desse innskriftene tidfeste Aslak Liestøl til 1200-talet.

Teikn på at millomalderfråsegner um nivlungar og gjukungar var kjende i det sudlege Mid-Noreg, er ogso treskurd på kykjeportalar i Numedal (Uvdal), Telemark (Mel og Nesland), Agder (Hylestad og Vegusdal) og i Vestfold (Lardal). Det

er ikkje forbode å tru at fleire kvæde um nivlungar og volsungar enn dei eldste i Codex Regius kann ha vorte dikta i Noreg på 1000-talet eller seinare. Dikt-emni gjeng att i balladar au – både her til lands og i Sverike og Danmark.

«Trymskvida» fortel at Tor miste hamaren. Emnet livde vidare i segnene um Tor og Urdbourdi (frå Rauland) og i «Torekallvisa» (er truleg dikta ein stad i indre Aust-Telemark). Det kann inspirera til tanken at «Trymskvida» er yrkt i indre Telemark.

Det var tett samband millom Noreg og Island på den tid. I prologen til *Den store Olavssoga* (frå um lag 1230) les me: «Då spurde menn kvar sumar tidender millom desse landi [Island og Noreg]. Det var ført til minnes og gjort til fråsegn». At ein islending kann ha lært «Trymskvida» i møte med ein norsk skald t.d. i Bjørgvin, er ikkje utenkjelegt. Men det kann sjå ut til at Snorre ikkje kjende «Trymskvida» då han skreiv si *Edda*. Det kann gjeva grunn til å hevda at kvædet kom frå Noreg til Island etter Snorre si tid.

So meir um *Den yngre Edda* eller *Snorre-Edda*, som Snorre Sturlason skreiv kring 1225. Boki var tenkt som ei lærebok i skaldskap. Fyrste bolken «Gylvagingning» (d.e. 'koss Gylve vart synkverd') skildrar verdsens opphav og undergang og byggjer på dei gudekvædi som stend i Codex Regius og på andre fråsegner. Når Snorre nytta kvæde som kjeldor for sine skildringar, tyder det på at han trudde dei var eldre enn 1100. Og luten «Skaldskapsmål» bygde Snorre på stor kunne um skaldedikting og skaldar. Ein kann vera freista til å tru at Snorre or livande tradisjon hadde det meste av norrøn versdikting, som var kjend på den tid, i hovudet.

«Skaldskapsmål» er ei utgreiding um kjenningar og heite, som er viktuge byggesteinar i skaldekvæde. Der tek Snorre med mange forteljingar au – til å kasta ljøs yver innhaldet i slike umskrivningar. Sume lærde, soleis N. F. S. Grundtvig (1783–1872) og Jón Helgason, peika på at denne bolken er som ei ordbok der ein-skilde herm og skaldestrofor kastar ljøs yver innhald og bruk.

Siste bolken i *Snorra-Edda*, «Håttatal», er eit langt skaldekvæde, eit skrivebordsverk, der skalden, teoretikaren og målhandverkaren Snorre yrkjer i 102

hættar eller versemål (ei strofe i kvar hátt) til ære for kong Hákon og hertug Skule. Til kvar strofe er det lærde utgreidingar um dei stilistiske, formelle og metriske sidone ved vedkomande hátt, med eit høg-vitskapleg nemnetilfang, som Snorre i nokon mun kann ha skapt. Desse skriftene, «Skaldskapsmål» og «Háttatal», er grunnlaget for mest all kunna, me no sit inne med, um norrøn strofebyggjing og um heite og kjenningar.

Aasmund O. Vinje kalla dei norske balladane «frumkjerna til vår framtidspoesi eller dikting». Han kunde gjerne ha nytta ei slik utsegn um Eddakvædi au, for i 1868 var han leid av «det kunstige liv» og ynskte seg attende «til Homer og Edda».

Endå um det tidleg stod klårt for fyregangsmennene i målreisingi at norrøn bokheim måtte gjevast att i nynorsk målbunad, gjekk det ei tid fyrr nokon våga seg i kast med *Den eldre Edda*. So vidt eg kann sjå, var det Torleiv Hannaas som fyrst prøvde seg på nokre tekster, og dei vart prenta i *Folkevennen* i 1900. Fåe år etterpå gjekk Arne Garborg i veg med Edda-umskrivning, men det vart berre kladdar. For då var venen, Ivar Mortenson-Egnund, godt i gjenge med Edda. Hans umdiktingar vart prenta i *Syn og Segn* i 1905 og 1908. So kom det samla utgåvor i 1928, 1943, 1960 og 1965.

Denne Edda-umdiktingi høyrer til toppane i nynorsk umsetjingslitteratur. Men det er ikkje dermed sagt at Ivar hev råka det rette i alle høve. Ord, vendingar og heile strofor i desse gamle tekstene kann vera sers vande å få meining i, og då må me velja éi mogeleg tolking av fleire. Dertil kjem at han Egnundgubben hadde lært det meste um Eddakvæde hjå Sophus Bugge, som var ein genial teksttolkar. Men som dei fleste filologar i den ættleden hende det både at Bugge strauk og dikta til. På slike tekststader ser det ut til at umdiktaren trødde vél trufast i fari etter meisteren.

I utgåva frå 1960 gjorde Per Tylden, som var godt kjend i norrønt mål og tekstgranskning, nokre einfelde brigde, t.d. bytte han ut nokre ord med andre som gav betre meining i samsvar med det Edda-granskarar til då hadde kome fram til. Utgåva som ligg fyre her, følger Tylden 1960, men på eit par stader kunde dei ha retta enno lite meir. Lat meg ogso skjota inn at i utgåva frå 1965 hev Tylden nokre nye rettingar, men det hev ikkje forlaget brytt seg med å røkja etter.

Handskriftene kann vera svært vandydde, for skrifti hev dimst eller vorte mest heilt burte. Det gjeld m.a. ei Voluspå-strofe i *Hauksbók* (frå um lag 1325). Kring 1950 evlde Jón Helgason å lesa denne strofa under ei kvartslampe, og ho burde ha vore umsett her og flett inn på rett stad – millom strofone 55 og 56.

Etter branden på Bryggja i 1958 fann ein – som nemnt – mange runeinnskrifter på treppinnar. Av desse var det ogso eit par Edda-strofor. Éi av deim svara til strofe 25 i Sigrdrivemål. Codex Regius hev *bókrúnar*, men det gjev ingi meining. Runeinnskrifti hev *bótrúnar*, og so fylgjer *bjargrúnar* i neste lina både i runeinnskrifti og i handskrifti – det vert ‘runer til bot og til berging’. Denne rettingi hev kome inn i alle *Edda*-utgåvor etterpå, og det burde ha vore retta her òg.

Når ein ser burt frå gode orduttydingar etter Nils Lid og Øystein Frøysadal, er boki rein for kontekstuelle merknader eller realkommentarar. I so måte er Ludvig Holm Olsen si umsetjing til norsk-dansk (1975) mykje betre. Som lærar i nordisk målvitskap på Universitetet i Oslo åri 1971–84 hadde eg stundom næmingskeid i norrønt mål. Då laut eg ogso visa studentane til umsetjingar, og etter at Holm Olsen hadde sendt ut ei god umsetjing, viste eg helst til den, for ho var laglegare fagleg sét enn utgåva frå Samlaget. Det laut eg vitra studentane um.

I samlagsutgåva saknar eg utgreidingar um:

1) gude- og helte-dikting, 2) versemål (hættar) og stavrim, 3) handskrift(er) og tradisjon, 4) alder og heimfesting (900–1200-tal og norsk eller islensk).

Sume av desse opplysningane kunde ha vore nemnde i merknadene til kvart kvæde, soleis:

«Voluspå» – dikta på Island millom 975 og 1000.

«Hávamål» – dei eldste bolkanene er nok norske og frå tidleg 900-tal, men uppsetjingi i Codex Regius er vel helst islensk.

Det burde sjølvsagt ha vore opplyst at 8 blad (16 tekstsidor) vantar i Codex Regius. Der har det stade kring 280 strofor. Slutten av «Sigrdrivemål» og fyrste luten av «Brot» vantar. Her kunde ein ha vist til *Snorre-Edda* s. 361–362 i utgåva her eller til *Volsungesoga*. Der stend innhaldet i det som hev kome burt av Codex Regius.

Av *Snorre-Edda* umsette Erik Eggen

alt, men her er «Háttatal» og utgreidingane um heite og kjenningar utelatne. Det var Hallvard Magerøy som stelte med denne utgåva kring 1960. Han og forlaget meinte vel at det, dei skaut ut, ikkje hadde «interesse for ein vanleg lesar i vår tid». No er det vel delte meininger um kva «ein vanleg lesar» er, men slik *Den yngre Edda* ligg fyre her, ter ho seg noko gjelda i høve til heilskapen. Det kann opplystast at ei svensk umskrivning ved Bjørn Collinder var tilskoren etter same leisten.

Hallvard Magerøy hadde rett i at skaldestrofone i «Skaldskapsmål» og det leksikalske byggverket, som er tufta på analyse av desse strofone, hev meining berre utfrå dei norrøne originaltekstene. Diktet «Háttatal» med kommentarar lét seg ikkje skriva um utan at det vitskaplege fyremålet gjeng tapt.

Desse flokane hev dei løyst på ein framifrå måte i ei ny svensk umsetjing (1997) som Karl G. Johansson og Mats Malm hev stelt med. Der er alle strofone attgjevne på norrønt mål og med grannsam prosaumsetjing til svensk i spalta ved sida. Sjølvsagt er den kommenterande teksti umsett òg. Dette gjer boki umåteleg brukfør, for merknadene etter Snorre er ikkje jamt so lette å få meining i endå um ein er tamd i å lesa norrøn prosa.

Det er uskyndleg at Det norske samlaget hev sendt ut so sentrale bokverk utan fagleg innføring. All min dag hev eg brunne for nynorskt mål og for norrøn og nynorsk skriftkultur. Difor er det lite hyggeleg når faglege grunnar tvingar ein til å beda lesarar nytta umsetjingar til norsk-dansk eller svensk.

* * *

Etterskrift

Utvalet i den umsette *Snorre-Edda* frå Samlaget svarar til det Jón Helgason og Anne Holtmark tok med i 1950 i ei utgåve, *Snorra-Edda* (i bokrekka *Nordisk filologi. Tekster og lærebøker til universitetsbruk*). Rekkja var mynta på «vanlege» studentar, og utgjevarane tenkte vel at dei kunde nøgja seg med ei nedstytt utgåve. Då eg studerte, sist på 1960-talet, var det uråd å få tak i ei fullstendig utgåve av *Snorre-Edda*.

Ivar Mortenson Egnund nytta nemnet «kjempekvæde» i staden for «heltekvæde». Siste nemnet er vanlegast i fagmål.

Målet på Orknøyane og Hjalmland

Av Lars Bjarne Marøy

Geir Wiggen:

Norns død, især skolens rolle.

Kommentarer til en dispuitt om nedgangen for det nordiske språket på Orknøyane og Shetland

Det Norske Videnskaps-Akademi
Oslo 2002

Geir Wiggen, som er professor i nordisk fagdidaktikk på Universitetet i Oslo, gav nyleg ut ei bok med tittelen *Norns død, især skolens rolle*. Boki tek fyre seg eit ordskifte millom målgranskarar som gjeld når, korleis og kvifor det gamle norderlandske målet på Orknøyane og Hjalmland, *norn*, døydde ut. Ordskiftet vart teke upp på slutten av 1800-talet og vart so dryft i dei fyrste tiåri av 1900-talet. Etter det vart det ikkje teke upp att fyrr på 1980-talet.

Dei gamle granskarane var færøyingen Jakob Jakobsen, orknøyingen Hugh Marwick, norsk-amerikanaren George Tobias Flom og ymse skandinaviske filologar. I den andre bolken, frå 1980-åri og framigjenom, hev Gunnel Melchers i Stockholm og Arne Kjell Foldvik i Trondheim utført mange feltlingvistiske etterrøknader og skrive rapportar. Det er likevel Michael P. Barnes, nordist i London, som hev kome med dei mest utførlege og vidfemnande analysane av nedgangen for *norn*. Laurits Rendboe, anglist i Odense, hev lagt fram ei heilt onnor forståing av emnet enn Barnes, og Barnes og Rendboe hev difor vorte standande som motpolar i ordskiftet.

Til spursmålet um når og kvifor *norn* kvarv burt på Orknøyane og Hjalmland, hevdar Barnes:

1 at skotsk var stabilt etablert i det 16. hundradåret, alt etter kva handelssyslar øybuarane dreiv med.

2 at øybuarane hadde meir med fastlandsskottar og mindre med andre folk å gjera på 1600-talet.

3 at motivasjonen for å halda uppe andre mål enn skotsk sokk.

Barnes meiner at *norn* gjekk ut av bruk på 1700-talet på Orknøyane. På Hjalmland kann målet ha halde seg so langt som fram til 1800.

Syni åt Rendboe gjeng ut på at *norn* vart nytta etter måten upåverka av skotsk so lenge dei innfødde hjaltlendingane kunde bruka *norn*. Rendboe meiner at Hjalmland, som vart pantsett til skottane, var i ein underlegen situasjon, men at skottane møtte sterkt og kraftigt motstand

då dei vilde taka styring yver øyane. Vanlege øybuarar protesterte millom anna med å nytta *norn* temmeleg upåverka av det skotske målet. *Norn* var målet åt undersåttane, men dei styrande på Hjalmland nytta skotsk. Det ligg i syni åt Rendboe at skotsken vart standande ved lag lenge. Han meiner målet kann ha døytt ut på 1880-talet.

Kvifor døydde *norn* ut? Wiggen viser her til Barnes, som slær fast at medan samhandlingi millom Orknøyane/Hjalmland og Skottland hadde vore jamm og ubroti, hadde samband millom Skottland og dei norrøne busetjingane på Færøyane og på Island havt lite å segja. Då skotsk millom 1379 og 1560 vart innarbeidd som målet til den sosiale og økonomiske yverklassa, og dinæst vart styringsmål, rettsmål og det målet den skotske kyrkja nytta, laut orknøyingar og hjaltlendingar læra seg i minsto litt skotsk so dei kunde skyna det dei styrande i samfundet formidla til deim på desse umkvervi.

Wiggen dryfter utførleg ei gissing som gjeng ut på at handelssambandet med skottane auka, men handelssambandet med Noreg gjekk ned. Mange hev rekna handelssamband for å vera sers viktuge, men Wiggen er viss på at det skal meir til for at eit heilt samfund skal skifta mål.

Eit poeng for Wiggen er at samfundi på Orknøyane og Hjalmland vanta ålmenn lese- og skrivekunna fram til midten av 1800-talet. Det held ikkje å hevda, som Barnes gjer, at øybuarane hadde mist motivasjonen for å nytta målet sitt av di dette målet sakna offisiell status og ei skriftspråkleg norm, slær Wiggen fast. Eit slikt målbyte måtte derimot koma av målretta og politisk styrd implementering av det målet som trengde seg fram. Wiggen vil difor leggja vekt på ålmugeskulen. Den kom ikkje i gang fyre på 1800-talet.

Wiggen legg vekt på at det var ein ting å pugga ulike tekster, men noko heilt anna å produsera tekster sjølv. Det var fyrst då kravet til eigenproduserte skriftlege tekster voks fram at skulen kunde få ein verkeleg målbrigdande verknad. I Noreg var det etter det Wiggen meiner økonomiske omsyn som førde til mykje av framgangen for nynorsken. Skulde ein utvikla ålmenn lese- og skrivekunna millom folk, var det ein fyremun at fråstandet millom tale- og skriftmålet var so lite som råd. I Noreg fanst det folk som var viljuge til å taka på seg arbeidet med å gjera dette

fråstandet mindre, hevdar Wiggen, men på Orknøyane og Hjalmland fanst det ikkje nokor tilsvarande rørsla.

Wiggen er ikkje viss på um *norn* var i ferd med å bukka heilt under på 1800-talet. Han meiner målet kanskje kunde ha vorte reist upp att, som det til dømes vart på Færøyane, men det skorta på vilje til å gjera det. Og den avgjerande grunnen til at det vart uråd, skal ha vore at engelsken gjorde store framsteg og på stutt tid trengde attende gælisk i Skottland og irsk i Irland. Skulelogi av 1872 på dei britiske øyane slo fast at engelsk var det viktugaste målet å læra elevane upp i.

Hovudsynspunktet åt Wiggens i ordskiftet kring *norn* er at Barnes og andre granskarar hev lagt for liti vekt på den rolla skulen hev for eit målskifte. Han meiner framleis at det vert rangt å leggja for mykje i gissingi um at *norn* kann ha gjenge under med grunn i skort på ei skriftmålsnorm og offisiell status. Wiggen meiner elles at Barnes tek i miss når han segjer at *norn* døydde ut kring 1750 eller seinst kring 1800. Ein må taka omsyn til at det kann ha bore til ei utjamning millom skotsk og *norn*. Wiggen slær fast at Rendboe hev ei trulegare tidfesting av når *norn* døydde ut, det er slutten av 1800-talet. Og dersom *norn* døydde ut på slutten av 1800-talet, held Wiggen fram, ligg det nære å tenkja seg at skulestellet kann ha påverka måldauden etter at ålmugeskulen hadde vore i gang sidan 1820–1830-talet.

Med andre ord er dét som kann segjast å vera hovudpoenget åt Wiggen at skulen er den faktoren som fyrst av alt kann tyda ut eit målskifte. Han tykkjer elles det er eit poeng for ség at prosodien eller taletonen på Orknøyane og Hjalmland ikkje er so reint ulik den me finn i Noreg. Det skal ha vore gjort etterrøknader som syner at prosodien, ord- og setningsintonasjonen, er knytt til upphavsmålet heilt til tredje ættleden innvandrarar.

Noko som Wiggen ikkje nemner, er at etterrøknader med andre ættleden innvandrarar i Noreg syner at dei i tilfelle der dei veks upp med utlendske foreldre, kann hava eit sterkt redusert ordtilfang i høve til norske born. Ein vert påverka av det målet som vert nytta heime. Skulen kann ikkje på nokon måte læra folk upp i eit heilt framandt mål, utan at det upphavlege målet blandar seg inn. Wiggen lèt til å tru at det må ha hendt ei utjamning med

skotsken, eit blandingsstig. Det kann det vera grunnlag for å hevda, men det kann òg vera at utemålet og heimemålet åt oppveksande ættleder hev vore ulikt, og at heimemålet hev døytt ut med dei gamle som vanta kontakt med umverdi.

Wiggen freistar å jamføra med Noreg og Færøyane mange stader og er avvisande til målskifte med grunnlag i kontakt med handelsfolk utanfrå øyane. Det ein då skal merkja seg, er at Noreg er eit stort land der mykje av samkvæmet millom folk gjekk fyre seg innanlands. Det var

store grupper av nordmenn som ikkje trong store vareleveransar frå utlandet. Det må ha vore mykje onnorleis på Orknøyane og Hjaltland. Folk på øyane må ha vore sers bundne til å halda uppe sambandet med umverdi, i alle fall på visse viktuge umkverve. Dei leidande handelsfolki hev nok difor havt større prestisje, og folk hev lettare kunna koma til å leggja um talemålet sitt enn i Noreg. Det fanst heller ikkje, so langt eg veit, nokon sterk identitet millom folket på øyane. Dei hev ikkje havt den eliten som

trongst til å reisa noko mål eller til å hevda seg i kulturelt eller boklegt samkvæme med verdi utanfor, og difor vart dei sterkt utsette for påverknad i målvegen.

Kor som er: Wiggen hev gjeve oss innsyn i eit aktuelt faglegt ordskifte på ein popularisert og lettfatteleg måte. Boki hans er på berre 76 lettlesne sidor og kann tilrådest for alle som er interesserte i spursmål kring målskifte og måldaude.

Frie menn bed ikkje grannen um ord

Islendsk målreinsing og måldyrking

Av Torill Hjartåker Hauge

Fjorde og siste bolken – Våpen i den ævelege sjølvstendekampen

Trass i at dei liver i eit uhyre sermerkt land, er ei einsarta folkegruppa og har ei saga full av nasjonale serdrag, synest nett det eldgamle, opphavlege målet å vera det allra viktugaste i den nasjonale identiteten åt islendingane.

Denne fyrestellingi hev ikkje vore like sterk og herskande gjennom heile den islendiske saga. Utyver i dansketidi (1380–1944) sneik meir og meir dansk seg inn i islendsk tala og skrift, men i opplysningstidi fekk måldyrkingi ein stor framskuv. Idealet då var å skriva på folkemålet, og lærde islendingar skapte eige ordtilfang for ulike vitskapsgreiner, t.d. i *læknisfræði* (medisin) og *bókmenn-tasaga* (litteratursoga), soleis at ein slapp å bruka framandord. Då europeiske straumdrag vipa meir yver i den leidi ein kallar romantikken, slo måldyrkingstanken for ålvor rot både i den jamne islendingen og i kultur- og samfundstoppane. Den nasjonalromantiske syni på mål og stat hōvde perfekt inn i striden for eit sjølvstendig Island.

Alle folk som vil skapa seg ein nasjonalstat må spyrja seg: «Kven er me? Kva skil oss frå dei andre? Kvifor er nett me eit folk og ein nasjon? Kva er det som gjer at nett me fortener ein eigen stat?» I nasjonalromantikken skulde ein ganga attende til opphavet sitt når ein leita etter svar på desse spursmáli. Upphavet var kjernen i folkesjæli og dermed nasjonen. I høve til andre nasjonssøkjande folk hadde islendingane her ei såre lett oppgåva. Dei kjende nemleg opphavet sitt. Dei kunde tid- og stadfesta det og hadde til og med dokumentert det. Dei kunde praktisk tala halda kjernen åt nasjonen i

hendene: millomalderskriftene. Upphavet deira, kjernen deira låg i litteraturen, i ordet. Gjennom ordkunsten åt forfederne skapte dei sin nasjon og stat 8–900 år etter. For nasjonsbyggjarane var det ikkje berre innhaldet i denne litteraturen som var viktugt – korleis dei livde og dōydde – det var kan henda det minst viktuge. Islendingane trådde jo ikkje etter å taka upp att livsstilen åt Ingólfur Árnason og Gunnar frá Hlíðarenda med blodhemn og einidugt saudebruk. Det var ikkje live-måten deira ein vilde draga fram som typisk islendsk og dermed teikn på at islendingane var ein nasjon som trong ein eigen stat. Det viktugaste for nasjonsskapparane var ordi som dokumenterte opphavet deira. Det var dette opphavlege, sermerkte målet ein skulde byggja det nasjonale tilværet sitt på.

Dette idealet var hōgst livande i 1990-ári òg. I 1991 var det planar um å senda eit amerikanskt radioprogram på islendsk radio ein gong i vika. På leidarplass refsa den største riksavisa, *Morgunblaðið*, framlegget sterkt, og spurde m.a.: «Hev dei gjeve upp å vera islendingar?» Lèt dei eit anna mål koma inn i nasjonen, stend deira eige mål i fåre, og kverv det, kverv òg sjølve folkesjæli, den nasjonale identiteten. «Eit lite folk må alltid kjempa for sjølvstende», høyrer ein tidt på Island. Sjølvstendekampen enda ikkje med den politiske suvereniteten i 1944. I dag er det ikkje danskekongen, men andre og lumskare fårar som trugar den nasjonale identiteten åt islendingane.

Med denne tankegangen i hugen er det ikkje underlegt at kampen for det tusundårige islendiske målet hev vore og enno er ein sers viktugt lut av «sjálfstæðisbaráttan». I denne kampen er sogelitteraturen og millomalderdoku-

menti dei mest blenkjande våpni deira. Ein av dei mest kjende figurane i bokheimen på Island heiter Snæfríður Íslandssól. I romanen *Íslandsklukkan*, med handling frå Island og Danmark kring år 1700, møter ho den dansken som er sett til å vera umbodsmann på Island. Med desse ordi vernar ho Islands ære mot honom og alle andre danskar:

«Mine forfedre var konger både over land og hav. De seilte over stormfulle hav og kom til Island i en tid da ikke noe annet folk i verden forsto seg på navigasjon. Våre skaldere diktet kvad og fortalte sagaer på samme mål som selve kong Odin fra Åsgard talte, men Europa talte trelles tungemål.

Hvor er de kvad, hvor er de sagaer som dere dansker diktet? Om det så er deres gamle helter, så er de vi islendinger som har gitt dem liv i våre bøker. Deres gamle tungemål, som dere har forskuslet og mistet, tar vi vare på.» (Halldór Laxness: *Íslands klokke* (1951), s. 31).

Jamvel ein nordmann kann kjenna seg skuldtyngd av tala åt Snæfríður. Me hev skusla vekk arven vår. Men som ein burtkomen son kann me koma attende til opphavet vårt og med urett njota godt av arven like vel, for bror vår, islendingen, hev teke vare på honom. Me nordmenn flyt på den «naturlege utviklingi», me vandrar på den breide målvegen, nyt stor personleg målfridom og tek fyre oss av alle nye ord på den internasjonale målmarknaden. Det kan synast lettvind, nærmast uforskamma for ein slik mål-surfar å ynskja seg dette, men eg gjer det like vel: Eg vonar at islendingane held fram på den smale vegen; at dei reinsar og dyrkar målet sitt, arven vår, til hugnad for seg sjølv, frendane sine og all ætt som kjem etter.

Er ein ny verdsreligion tenkjeleg og mogeleg?

Religiøs skaparkraft i antikken og i dag

Av K. E. Steffens

Per Bielde og Mikael Rothstein (utgj.):
Nye religioner i hellenistisk-romersk tid og i dag

Aarhus Universitetsforlag 1999

Fleire granskarar hev peika på likskap millom hellenismen og den moderne vestlege sivilisasjonen når det gjeld religion og anna åndsliv. Den gresk-romerske kulturen greidde ikkje å stetta den religiøse og metafysiske trongen til meining og frelse. Korkje ein veletablert mysteriereligion som innvigjinga og kulten i Eleusis eller filosofiske rørsler som stoicismen og nyplatonismen hadde det potensialet som skulle til for å skapa ein meiningsfull samanheng i tilværet for hundretusen av urbaniserte og rotlause borgarar i Imperium Romanum.

Framleis var der hjå det breide folket sterke band til gamal religiøs tru og kultus, og serleg var det tilfelle på landsbygda der «heidenskapen» heldt seg lengst. Men i bysamfunna var der nok òg god oppslutnad om mykje av den gamle, nedervde religionen, innarbeidd og «materialisert» som han var gjennom storfelte tempel og festar som gjorde liv og årssyklus meiningsfulle og gledeleg avvekslande.

Likevel var der, liksom i vår tid, ein marknad for nye religionar og livssyn, og ein observatør omkring år 200 ville ha funne ein rik flora av meir eller mindre «eksotiske» grupper og rørsler som tevla om åndeleg makt og merksemd. Ein slik iakttakar ville sjølvsagt notert seg at dei kristne stilte sterkt, men han ville òg ha lagt merke til mykje usemje og kløyving i den flokken. I grunnen var ikkje det underleg: kristendomen hadde sjølv via ein jødekristen fase skilt seg ut frå jødedomen, og *han* var langt ifrå einskapleg då Jesus, vekt av døyparen Johannes, byrja å forkynna at tida var fullkoma og gudsriket nær.

Opphavet og framvoksteren til kristendomen og andre rørsler med jødisk bakgrunn, saman med gnostiske «løysingar» på kristne problem, fær mykje og vitug merksemd i boka *Nye religioner i hellenistisk-romersk tid og i dag*, som prentar fyredrag av skandinaviske granskarar (åtte danske, ein norsk og ein svensk) som vart gjevne på eit seminar i København i 1997. I ein smålåten og

sjølvkritisk «Epilog» peikar utgjevarane Per Bilde og Mikael Rothstein på at sume viktige hellenistiske religionar og rørsler ikkje er omtala og dryfte i boka, og at kristendomen sigra og på mange problematiske vis hev «stempla og merkt synet på konkurrentane og den historiske utviklinga vert (med eit bilete lånt frå Ibsen) nemnt av Ingvild Sælid Gilhus som å segla med eit lik i lasta. Halfdan Siiger er inne på det same når han talar om at «kirkehistoriske framstillingar er ensidige og kan undertiden minde om firmahistorier» (s. 182).



Biløte frå framsida på boki

Kva er ein ny religion og kva for krefter og omstende avlar det nye, og kor mykje er eigenleg nytt når ein talar om og dryfter nye religionar? Spørsmåla vert grundigast dryfte i Bildes artikkel «Ny vin på nye flasker?», og han gjeng ved at klare og definitive svar ikkje kan gjevast. Dei psykologiske fyrsetnadene og materialet som kristendomen vart bygd opp på, låg i tida, kanskje ikkje berre som eit passivt potensial,¹ men den utrullege suksessen som gjorde den vesle Jesus-rørsla til ein verdsreligion verkar i siste instans som eit uforklårleg mysterium same kor «karismatiske» Jesus og Paulus vert sagde å vera. Der er flust av slike personlegdomar i vår tid, men hittil ser det ikkje ut til at nokon er tilnærma på høgd med Jesus når det gjeld religiøs genialitet.

Er ei ovring av tilsvarande omfang og

kvalitet mogeleg i dag? Spørsmålet vert ikkje teke opp i denne boka, og heller ikkje vert det grunnleggjande problemet nemnt: nemleg den ontologiske statusen til religion og religiøs røynde. Det kunne nok gjort seg med litt religionsfilosofisk og endåtil «metafysisk» refleksjon, t.d. slik at det i det innleidande kapitlet vart klårt og greidt sagt at ingen av forfatarane reknar med at ein objektiv, utanommenneskeleg transcendens finst. Å sjå til er nemleg det synet den «gjennomstyrande» fyrsetnaden for den granskinga og dei resultatane som vert presenterte i denne boka. Dette er ei greid og mogeleg «sanning», men det er òg mogeleg å argumentera for eit meir innfløkt syn der ein dreg inn paranormalitet og nevrologisk «programmert» kontakt med eller opning mot oversanselege røyndomar som so vert fantasifullt utbroderte, utvikla og tilmåta til system av tru og ritual. Religion kan ein då forstå som meir eller mindre kreativ og naudsynt «misforståing» av oversanselege intuisjonar.

Velorienterte fagfolk vil utan tvil kunna peika på sumt som er rangt eller diskutabelt i denne boka. Eg er ikkje spesialist på noko omkverve, men ein referanse til Pitirim A. Sorokins sykliske teori i artikkelen til Gilhus kan ikkje vera sætande. Sorokin skil millom «denne-sidig» (sensat) og oversanseleg (ideasjonalt) orienterte kulturar, og dersom han hev rett, er me no på veg mot ein ny ideasjonalt fase på liknande vis som den sensate hellenismen måtte gjeva plass for den religiøse millomalderkulturen.² Forklaringa hans er at baa desse kulturtypene er ensidige og delvis range, og det valdar etter ofte storfelt bløming og utfalding so mykje ugreide og forfall at den alternative polen fær meir og meir makt og merksemd. Sorokins teori, som er godt empirisk utbygd, er faktisk ein mogeleg lykel til å forstå den likskapen som er emnet for artiklane i denne boka!

Elles hev eg stussa over påstandet på s. 14 om at opphavet til islam er historisk greidt og godt kjent. I dag er dette sterkt problematisert, noko ein fær tydeleg inntrykk av i t.d. artikkelsamlinga *The Quest for the Historical Muhammad*, som eg melde i *Humanist* nr. 4/2002.

Der er òg rimeleg grunn til å tvila på det «oppgør og brud med den jødiske

moderreligion» som Bilde (s. 56) knyter til «alle tre»: døyparen Johannes, Jesus og Paulus. Det er truleg greiddt med Paulus, men det hev vorte meir og meir vanskeleg å sjå og prova at Døyparen og Jesus representerer noko teoretisk og praktisk brot med jødedommen og at det var grunnen til at dei vart arresterte og avretta.

Og so ein siste kritisk merknad av det filologiske slaget: Kvifor skriv Bilde i artikkelen «Ny vin på nye flasker?» konsekvent verbet *akcelerere* med to *l*-ar? I alle moderne europeiske språk der ordet er innlånt, skal det so vidt eg veit bokstaverast med éin *l* (etter latin *celer*, som tyder 'snøgg'). Elles er no det eit tolleg

vanleg ortografisk mistak i norsk òg, men Bilde hev doktorgrad og underviser i religionsvitskap ved Aarhus Universitet!

Heilt til slutt vil eg segja meg samd med det Bilde og Rothstein skriv i sin «Epilog»: dette er eit frævande pionerarbeid, «et første mere omfattende forsøg inden for den komparative religionsforskning på at sammenligne hellenistisk-romersk tid og vor periode». Religiøs kjensle og røynsle og deira meir eller mindre systematiske artikulering i lærebbygader er noko grunnleggjande menneskeleg som gjer religionsvitskapleg arbeid meiningsfullt og viktig, noko denne boka er eit godt døme på.

Notar:

¹ Der er i dag aukande semje om at tru og overtyding om ein høgste Gud, ein *Theos Hypsistas* stod sterkt i det sokalla «heidenske» medvitet i den gresk-romerske verda på Jesu tid. I denne «mjuke monoteismen» vart dei mange gudane rekna som englar eller søner og døtrer av den høgste guden. Monoteismen i kristendommen og islam var slik sett ikkje noko nytt, men svara til eit utbreiddt og velkjent paradigme.

² Sorokin gjer det elles klårt at knapt nokon kultur hev vore sensat eller ideasjonalt i «totalitær» tyding. Endå om t.d. den rådande vestlege kulturen i dag er klårt materialistisk, er der òg ideasjonale islett og tildriv og ikkje minst i dei ovringane som gjeng inn under samnamnet Den nye tidsalderen.

Frå «Brev til ein ung diktar» av Rainer Maria Rilke

Til norsk av Johannes Gjerdåker

Seint på hausten 1902 sende ein ung mann, Franz Xaver Cappus, dikti sine i handskrift til Rainer Maria Rilke. Den unge Cappus var på den tidi elev ved underoffiserskulen i Wiener Neustadt i Austerrike, og det var då ein gamal lærar fortalde at Rilke hadde vore elev ved same skulen, at Cappus våga å senda dikthandskriftene sine til den kjende dikteren og spyrja honom til råds. Rilke svara i eit brev som han sende frå Paris 17. februar 1903, og utdraget nedanfyre er teke frå dette brevet. Etter dette varde brevsiftet millom dei tvo heilt fram til jולי 1908. Det umflakkande livet til Rilke kjem fram i dagsetjingane på brevi, sume er sende frå Viareggio, andre frå Roma, Worpswerde, Borgby i Sverike, Furuborg i Sverike og det siste frå Paris att.

I alt er det ti brev. Dei vart utgjevne av mottakaren i Berlin i 1929 under tittelen *Briefe an einen jungen Dichter*. Samlingi hev kome i nye utgåvor mange gonger, og ho er klassisk fordi ho hev noko å segja og gjeva til stendig nye ættleder.

«De spyrr um versi Dykkar er gode. De spyrr meg. De hev tidlegare spurt andre. De sender dei til tidsskrifter. De samanliknar dei med andre dikt, og De vert uroleg når visse bladstyre viser frå seg freistnadene Dykkar. No (sidan De hev gjeve meg løyve til å råda Dykk) bed eg Dykk um å ikkje gjera noko av dette meir. De ser utyver; og det, framfor alt, bør De ikkje gjera no. Ingen kann råda og hjelpe Dykk, ingen. Det finst berre ei einaste hjelperåd. Gakk inn i Dykk sjølv. Granska ut grunnen som byd Dykk skriva, prøv, um han strekkjer røtene sine ut til dei djupaste romi i hjarta Dykkar, gjev svar på, um De måtte døy, dersom det vert neitta Dykk å skriva. Dette framfor alt: spyrr Dykk sjølv i den stillaste timen av natti Dykkar: *må* eg skriva? Grav inn i Dykk sjølv etter eit djupt svar. Og dersom dette skulde lyda stadfestande, dersom De torer møta dette ålvorsame spursmålet med eit sterkt og einfelt «eg må», då skal De byggja livet Dykkar i samsvar med denne naudsyni; livet Dykkar må inn til den mest einfelde og tarvelege timen vera eit teikn og eit vitnemål um denne tron-

gen. So nærmar De Dykk naturi, so freistar De, som eit fyrste menneske, å segja kva De ser og merkar og elskar og misser. Ikkje skriv kjærleiksdikt; vik fyrst undan for desse formene som er for vanlege og for mykje i bruk: Dei er dei vanskelegaste, for det trengst ei stor fullmogi kraft til å gjeva noko eige, der store og jamvel strålende tradisjonar finst i fyrevegen. Berga Dykk framfyre dei ålmenne motivi til dei som Dykkar eigen kvardag vil bjoda; skildra saknaden og ynski Dykkar, tankane som fer framum og trui på einkvan vænleik – alt det skal De skildra med djup, still, audmjuk truskap, og for å segja det skal De nytta tingi frå Dykkar eigen umgjevning, bilæti frå draumane Dykkar og minnebilæti Dykkar. Dersom kvardagen Dykkar synest vera fatig, skal De ikkje tala vondt um honom; ta mot Dykk sjølv, seg til Dykk sjølv at De ikkje er diktar nog til å kalla fram rikdomane hans, for slik er det at for den skapande finst det ingen fatigdom og ikkje nokon stad som er arm og utan tyding.»

Minnedikt om Per Sivle

I samband med skipinga av Per Sivlelaget i fjor haust kan det vera interessant å minnst dikta som er skrivne til minne om Sivle. Eg har funne dikt av Eystein Eggen (d.e.), Olav Ejklund, Anders Hovden, Magnus Thingnæs og Torvald Tu. Desse dikta har eg kome over i seinare tid og byggjer ikkje på nokon systematisk etterrøknad. Truleg er det nokre til som

har skriva dikt om Per Sivle – både livet og lagnaden åt Sivle innbyd til å setja ord og tankar på papiret. Mogleg kan Sivle vera ein av dei diktarane det er skriva flest dikt om. Kjenner lesarane til fleire dikt om Sivle, er eg takksam for melding.

Ein kan tenkje seg at det med tida vil koma skrifter frå Per Sivlelaget, da kan det vera aktuelt å prente nokre av minne-

dikta der. Sjølv skreiv Per Sivle dikt til fleire personar, t.d. til Hans Ross, Bjørnstjerne Bjørnson og Elisabeth Edland. Det kan vera verdt å koma i hug det òg.

**Gudmund Harildstad,
Oslo**

B



ISSN-1503-2469

Kong Olav den folkekjære

Av Ole Jakob Totland

Heilt frå dei fyrste tjodene flokka seg kring kongar her i Europa, hev det vore vanlegt å gjeva kongane tilnamn, når desse hev utmerkt seg i framferd eller utsjånad. Tilnamnet trong ikkje berre skildra gode sidor ved kongen, han kunde kallast både tjukk og fåtenkt, for tilnamn vart ofte gjevne longo avlidne kongar. Ein turvde difor ikkje ottast øks for hals.

Denne tilnamnseden stod serleg sterkt i Norderlandi, og her i Noreg hev me havt namn som Håkon den gode, Harald Hardråde, Magnus Berrføtt, Magnus den blinde og Inge Krokrygg. Og når dei norske kongane ikkje hadde tilnamn, nytta dei farsnamn (patronym) til etternamn, slik seden var elles. Dette er namn som Olav Tryggvason, Guttorm Sigurdsson, Eirik Magnusson og Håkon Magnusson.

Ein bråd umvelt i denne namneseden kom med dansk kongane. Ikkje av di dei var danske, same umvelten var i Danmark med, og det var kongehuset frå Oldenburg som reiv seden ned. Dei kalla seg berre med fyrenamn, og byttest på å heita Christian og Frederik ut i det keidsame.

Det er soleides ein oldenburgsk arv me ber vidare, når kongane i det nye norske kongehuset nyttar fyrenamn åleine. Den fyrste av desse, prins Carl upphavleg, bytte namn på seg og sonen til dei gamle norske kongenamni Håkon og Olav, og godt var det. Men, han Håkon norska seg berre halvveges, han tok ikkje noko etternamn. I Noreg lyt me hava minst eitt ættarnamn eller eit

farsnamn, segjer lògi, og eg ser ingen grunn til at dette ikkje skal gjelda kongar. «Ættarnamnet» hans Håkon vert vel Schleswig-Holstein-Sönderborg-Glücksburg, men eit slikt ofsefylgje av tyske og danske slott- og stadnamn kann ikkje norske kongar dragast med. Då lyt dei heller taka seg farsnamn, eller me kann gjeva deim tilnamn.



Kong Olav tek t-bana medan det er oljekrisa i 1973

Kong Håkon kann me med retto kalla Håkon Danske, utan at me treng leggja nokon vondhug i det. Danskfødd var han, og dansk tala han. Men, det er ikkje dette namnet eg vil deisa hardast i stovebordet. Når kong Olav vert umtala, vert det ofte lagt til at han var ein folkekjær konge. Ja, ein kann mesta segja at kong Olav og umgripet «folkekjær» hev slege fast fylgje. Eit vitnemål um dette ser ein når ein søkjer på «kong Olav» og «folkekjære»

på heimsveven; saklege fund kann ikkje teljast på fingrane åt ein velskapa mann. Kvifor ikkje då gjeva deim ei endå fastare form, og beint fram kalla honom «Olav den folkekjære»? Med det vil me henta fram att den gode tilnamnseden, og samstundes kasta ei leivd frå oldenburgarane på bananbåten. Trunervingen vår hev alt eit tilnamn, det hev han havt frå daupen. Håkon Magnus tyder Håkon den store. Um han liver upp til dette namnet, fær me no venta og sjå.

Dersom me òg kallar dagsens konge Harald Olavsson, kann me vel snart segja at me hev skove kongehuset munaleg i norsk leid. Sét burt frå målbruket åt medlemene i kongehuset vert det då lite unorskt att. Tel ein med koneledene (og det skal ein vel i denne jamstellingstidi), kann ein trygt hevda at kongen er runnen or roti åt både Harald Hårfagre og kong Sverre. At karane i kongehuset tek seg konor av norsk bondeætt, gjerer òg kongehuset norskare. Ein

fer med usanning når ein segjer at det hev vore sed her i landet at kongane skulde gifta seg med framandlenske kongsdøtter. Dei gamle norske kongane gifte seg stort sét med den drösi dei lika best, um ho so var bonde- eller kongsdotter. Det er ein uvane frå dei kontinentale kongs- og adelsættene, dette med inngifte.

Skal namnet Olav den folkekjære koma i bruk, er det berre å byrja bruka det. Det er soleides tilnamn fester seg. Når de umtalar norske kongar, so skriv namni etter norsk vis! Det fær vera oppmodingi.

Næste nummeret av Målmannen kjem i april. Kom gjerne med innlegg og stykke til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Ein kann ikkje hjelpa både den som byggjer upp, og den som riv ned.

Etter Ivar Aasen